



Årsmelding 2017

ÅRSMELDING 2017



Surnadal
kommune

Vedteke i kommunestyret 24.05.18



Innhold

1	Rådmannen sin kommentar	4
2	Overordna satsingsområde	7
2.1	Samfunnssdelen.....	7
2.2	Internkontroll	8
2.3	Klima- og energiplan	8
2.4	Likestilling.....	11
2.5	3-partssamarbeid.....	12
2.6	HMS – arbeid.....	13
2.7	IA-avtalen (Inkluderande Arbeidsliv)	13
2.8	Tilsette pr. 31.12.2017	14
2.9	Folketal og sysselsetting.....	15
3	Rekneskap for Surnadal kommune 2017	16
3.1	Investeringsrekneskapen.....	16
3.2	Driftsrekneskapen.....	16
3.3	Auke i lønsutgifter	17
3.4	Skatt på formue og inntekt.....	17
3.5	Fond	17
3.6	Lånegjeld	17
3.7	Langsiktig gjeld	17
3.8	Andre utdrag frå rekneskapen.....	18
3.9	Finansielle omløpsmidler	19
3.10	Langsiktig gjeld	21
3.11	Skatterekneskapen	22
3.12	Eigedomsskatt – bustad og fritidsbustad	22
4	Rådmann/sentraladministrasjonen.....	23
4.1	Rådmann	23
4.2	Økonomi	25
4.3	Personal og kompetanse	26
4.4	Informasjon og service	28
4.5	Politisk verksemd	31
5	Næring, kultur og utvikling	32
5.1	Næring og utvikling	32
5.2	Kultur.....	36
6	Oppvekst.....	39



6.1	Midtigrenda barnehage 223	39
6.2	Øye og Skei barnehagar.....	41
6.3	Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter.....	43
6.4	Mo oppvekstsenter.....	46
6.5	Todalen og Stangvik oppvekstsenter	48
6.6	Øye skule	50
6.7	Surnadal ungdomsskule	51
6.8	Vaksenopplæring og integrering	53
7	Pleie og omsorg	56
7.1	Helse og familie.....	56
7.2	Sjukeheimen	60
7.3	Bu- og aktivitet	63
7.4	Heimetenesta	67
7.5	NAV.....	71
7.6	IK Barnevern	72
8	Teknisk	75
8.1	Kommunalteknikk	75
8.2	Areal og naturforvaltning	77
8.3	Eigedom.....	79
9	Investeringar	83



1 Rådmannen sin kommentar

Surnadal kommune har hatt eit brukbart økonomisk år, der særleg skatteinngangen vart høgare enn dei fleste hadde sett for seg ved inngangen til året. Årsmeldinga viser at vi er på veg til å få tilpassa drifta til inntektsnivået totalt sett, men også at nokre einingar fortsatt slit med å tilpasse ressursbruken.

Årsrekneskapen for 2017 viser eit netto driftsresultat på kr 7 803 288, noko som svarar til 1,45% av driftsinntektene, som var på kr 536 318 822. Resultatet i 2016 var på kr 1 500 367. Det gode resultatet i 2017 skuldast til dels god skatteinngang mot slutten av året, auka flyktningetilskot, og større statlege refusjonar enn det som var budsjettert.

Dei fleste einingane har utvist god budsjettdisiplin, medan det er nokre einingar som slit litt med å halde seg innanfor tildelte driftsrammer – og nokre einingar som har avvik som kan forklarast med særskilte forhold. Arbeidet med å tilpasse driftsnivået til kommunen sine inntekter vil halde fram, og det sett store krav til alle tilsette. Vi må rekne med at dei økonomiske rammene (relativt sett) vil måtte gå ned i åra som kjem. Samtidig veit vi at driftsresultatet helst bør ligge på minst 1,75% av driftsinntektene, for å vere godt rusta for framtida ved å bygge opp fondsmidlar til framtidig bruk.

Lønnsutgifter er naturleg nok den klart største kostnadsposten i kommunen sitt rekneskap, og det er viktig å ha god kontroll på dette slik at vi har «rett» bemanning til ei kvar tid. Ved årsskiftet hadde vi totalt 687 tilsette (inkl. interkommunale samarbeid), som samla sett står for 542,54 årsverk. Dette er ein nedgang på 24 tilsette og 15,24 årsverk frå året før, og det er nok nødvendig å redusere dei samla lønnskostnadane vidare i åra som kjem.

Dei samla investeringane kom på i alt kr 33 010 203 i 2017. Dei største enkeltprosjekta var ENØK – energisparekontrakt, opprusting kommunale vegar, Svartvatnet friområde, forprosjekt nye Øye skule og Røtet industriområde (oppfylling / tilkøyring av steinmassar).

Vi har hatt ei fin utvikling i sjukefråversstatistikken dei siste åra – og særleg 2017 vart eit godt år. Vi har samla sett eit sjukefråver på 6,67% for alle einingane det siste året. Gjennomsnittet for kommune-Norge er på ca. 10%, dvs. at Surnadal er langt under snittet. Det er fleire av dei «tunge» einingane som viser kjempefin utvikling, som t.d. sjukeheimen, heimetenesta, Midtigrenda barnehage og Bøfjorden / Bæverfjord oppvekstsenter. Det aller viktigaste for å lykkast godt er tilrettelegging/tilpassing av arbeidet under delvis sjukemelding, god dialog og ikkje minst trivsel på arbeidsplassen. Det skal vere kjekt å gå på arbeid. Både tilsette, tillitsvalte, leiarar, personalavdelinga og det lokale nav-kontoret har gjort ein god jobb og samarbeidet godt. Eg håper vi klarer å fortsette dette gode arbeidet også i 2018.

I 2017 busette Surnadal kommune 17 flyktningar. 11 av desse blei busett etter avtale med IMDi og seks kom via familieinnvandring. Ved slutten av året er 90 flyktningar busett i



kommunen. Dei aller fleste av flyktingane, som framleis bor i kommunen etter at dei avslutta introduksjonsprogrammet, er anten i gang med vidaregåande utdanning eller dei har klart å skaffe seg arbeid. Surnadal er blant dei 15 beste kommunane i landet når det gjeld å få flyktingane ut i arbeid eller vidare utdanning. Det er svært bra anerkjenning for den kommunale flyktningetenesta – men også at næringslivet i kommunen har sett den store arbeidskraftressursen som flyktingane er.

Det blir arbeidd godt med nærings- og utviklingsarbeid i kommunen, og det gode året i 2016 vart følgd opp med eit minst like godt år i 2017 når det gjeld omsetning og aktivitet.

Laurdag 28. oktober vart det arrangert «Sirkus Su-Su» i Surnadal Idrettshall for å markere 4 års næringsutviklingssamarbeid mellom Surnadal og Sunndal. Dette har vore eit vellykka samarbeid for å fremme næringsutvikling og bulyst i regionen. Denne avtalen vart i fjor haust forlenga. På denne måten får vi styrka samarbeidet mellom næringslivet, og som følgje av støtte frå Møre og Romsdal fylke, får vi eit ekstra næringsfond der vi kan gje tilskot til lokale bedrifter. Innveno AS (tidl. SIV-industri-inkubator AS) er og inne i fleire viktige nettverksprosjekt som vi ser med stor interesse på.

Elles var det gledeleg at vi i fjor fekk det aller første ordinære anløpet av Seacargo Express ved hamna vår. Det er lagt ned mykje ressursar og innsats over mange år for å få til dette, og det var ein historisk dag for heile kommunen når skipet la til kai 16. mars 2017.

I samband med budsjettet for 2018 vart det vedteke å stenge ein «post» (8 senger) på sjukeheimen. Akkurat no har vi faktisk historisk lågt antal eldre i forhold til den samla befolkninga. Vi har framleis over 60 institusjonsplassar i kommunen. Fleire kommunar har langt færre plassar enn oss. Det blir arbeidd med at heimetenesta skal kunne ta unna noko av presset gjennom litt ekstra ressursar i denne eininga.

Det var også svært gledeleg at prosjektet «Samhandling på siste vakt» vart nominert til KS sin nasjonale Etikkpris. Vi fekk i fjor også tildelt Fylkesmannens Omsorgspris for det same prosjektet. Mykje godt arbeid blir lagt ned for at vi skal kunne ta hand om den sterke veksten i tala på eldre som vil kome i åra framover.

Kommuneplanen sin arealdel vart sluttbehandla i fjor haust etter fleire rundar mellom administrasjon, politisk behandling og offentlege høyringsrundar. Arealplanen er eit viktig verktøy for å planlegge og bevisstgjere oss for framtidig bruk av areal i kommunen, til både næringsutvikling, boligbygging, hyttefelt og friluftsliv. Ikkje minst vil det vere eit viktig dokument i åra framover for å sikre nok tomter og boligar i åra framover.

Arbeidet med å tilrettelegge for boligfeltet på Nordvik vart starta opp, og dette er no i full gang. Fjaråret var også prega av stor aktivitet i Svartvassområdet. Dette vil bli eit svært fint friområde for dei som bur i sentrum, ega for både barnevogn og gästol, og det er allereie mange som nytta seg dette. Det er stor byggeaktivitet i området no, med både leiligheter og eineboligar ved elvebredda, og bygging av gangveg inn i området. Det skal bli interessant å sjå utviklinga vidare framover.



Etter ein vekst i folketalet i 2016 på 17 personar, fekk vi ein nedgang i fjor på 8 personar i 2017. Sjølv om vi har positiv tilflytting på fem personar i 2016, er det eit negativt fødslestal på 13 personar. Slik samansettinga av befolkninga er, vil vi i åra framover oppleve negative fødselstal, og vi vil vere avhengig av større tilflytting enn fråflytting for å oppleve folketalsvekst i åra framover.

I 2017 har vi også sett digitalisering enda meir på dagsordenen enn før i Surnadal kommune. Det har i fleire år vore arbeidd aktivt for å innføre mange digitale løysingar i kommunen, både internt i administrasjonen og i dialogen med innbyggjarar/brukarar. Men «digital transformasjon» betyr langt meir enn å kjøpe nye IKT-system, det er like mykje eit spørsmål om endring av arbeidsprosesser og organisasjonsutvikling. Som ein del av dette arbeidet hadde vi ei intern fagsamling i november, der vi fekk sett fokus på dette på ein god måte. Surnadal kommune er med i det interkommunale selskapet IKT Orkidé, der vi framleis ønskjer å ta ein aktiv rolle for medverknad og utvikling. I 2017 har vi m.a. fått nye heimesider, vi har montert og teke bruk nye digitale tryggleksalarmer – og Skype blir ein stadig meir brukta «møtestad» både internt og eksternt.

Med ei tid prega av kommunereform, regionreform, politireform og helsereform må vi også ta stilling til korleis dette vil verke inn på vårt tenestetilbod. Vi har teke til med å drøfte brannvernsamarbeid med nabokommunane, og etablering av nye samarbeidsavtalar kring barnevern, PP-teneste og kulturskule vil vere andre område vi må sjå nærmare no når kommunekartet vil endra seg.

Eg vil til slutt nytte høvet til å takke for det store og gode arbeidet som blir lagt ned av både tilsette, tillitsvalde og politikarar for å gjere kommunen vår til ein god kommune å bu i. Men vi har sjølvsagt – som alle andre kommunar og bedrifter – heile tida eit forbettingspotensiale. Derfor må vi forbetra oss eit lite hakk kvar einaste dag – til det beste for dei vi arbeider for, nemleg innbyggjarane i kommunen vår.

Surnadal, 28.03.2018

Knut Haugen
rådmann



2 Overordna satsingsområde

2.1 Samfunnssdelen

Samfunnssdelen av kommuneplanen for 2009 – 2021 vart vedteken av Surnadal kommunestyre 26.10.2009. Denne har vore grunnlaget for arbeidet med økonomiplanen for 2015 - 2018. Kommunestyret vedtok ny samfunnssdel for perioden 2014 – 2026 i møte 20.06.14.


Målet for Surnadal kommune er å arbeide for ein organisasjons- og samfunnskultur prega av motivasjon, kraft og kultur.

I planen er det 7 gjennomgåande tema som skal ligge til grunn for all kommunal planlegging. Desse temaa er: folkehelse, likestilling og diskriminering, universell utforming, areal og miljøvern, frivillig arbeid, samfunnstryggleik og beredskap, og utviklingssamfunnet.


Samfunnssdelen er delt i 6 hovudtema:

1. Befolkningsutvikling og kompetanse
2. Barn og unge sine oppvekstvilkår
3. Næringsutvikling
4. Folkehelse og levekår
5. Kultur – omdømme – identitet
6. Tettstads- og arealutvikling

Desse temaa skal leggjast til grunn for alle tema- og sektorplanar, og også for satsingsområda i økonomiplanen i dei ulike sektorane og einingane.



Plan- og styringsdokument for Surnadal kommune



2.2 Internkontroll

Etter Kommunelova §48 nr. 5 skal kommunane i si årsmelding gjere greie for internkontrollarbeidet i verksemda.



Surnadal kommune bruker det elektroniske kvalitetssystemet Compilo.

Målet med internkontrollsystemet er at kommunestyret, kontrollutvalet og rådmannen skal vere i stand til å ivareta krava om overordna kontroll- og tilsynsansvar og sikre at verksemda er organisert slik at kommunen når dei måla som er sett, og at ein førebyggjer at feil skjer. Kommunen skal ha kvalitetsdokumentasjon som sikrar at alle tilgang til relevant informasjon som lovar og forskrifter, styrande dokument, prosedyrar og dokumentasjon.

Kvalitetssystemet blir bruka til:

- Forenkling og kategorisering
- Å sikre gode nok tenester gjennom god dokumentasjon og aktiv avviksbehandling.
- Å gi auka tryggheit for dei tilsette og brukarar ved at tenesteutøvinga er i samsvar med myndigheitskrav, vedtak og prosedyrar.
- Å sikre at avvik faktisk blir meldt, og blir behandla på rett måte.
- Å få på plass og sikre eit tilgjengeleg og gjenkjennbart system som skal vere enkelt å bruke og enkelt å finne fram i.

Vurdering

Det har vore gjennomført opplæring i bruk av kvalitetssystemet, men det er nødvendig med repetisjon for dei som har vore med på opplæring tidlegare, og opplæring av nye arbeidstakrar.

I 2017 har ei arbeidsgruppe som er nedsett av administrasjons- og arbeidsmiljøutvalet revidert kommunen sine HMS-prosedyrer, og det blir arbeidd med utarbeiding av nye prosedyrer på område der det er nødvendig. Ny varslingsrutine er utarbeidd, og ein er i gang med utarbeiding av prosedyrer for handtering av vald og truslar og prosedyre for handtering av mobbing og trakkassering, herunder seksuell trakkassering.

2.3 Klima- og energiplan

Surnadal kommune si energi- og klimaplan frå 2009 har desse måla:

1. Klimagassutsleppa i 2020 skal vere 10 % lågare enn klimagassutsleppa i 1991.
2. Veksten i energiforbruk skal reduserast og Enøk – potensialet på 10% skal realiserast innan 2020.
3. Energibruk i kommunale bygg, føretak og selskap skal reduserast med minimum 10% innan 2020 (referanse 2006).
4. Det skal stimulerast til at 3% av total elektrisk energibruk (referanse 2006) skal leggjast om til ny fornybar energi.

Tiltak transport- og arealplanlegging



Tiltak 5.4. Legge betre til rette for mjuke trafikantar:

- Bygd 200m gang- og sykkelsti i Svartvassområdet.

Tiltak landbruk

Tiltak 3.1. Følgje opp auka satsing på økologisk landbruk som er nærmere omtala i landbruksplanen.

- Vi har lagt ut info på Facebook om aktuelle tema, fagdagar og møter, og vi gir info i møte med nye gardbrukarar og til andre med interesse for dette.

Tiltak 3.3. Informere om alternative spreieteknikkar av husdyrgjødsel og tilskottssordningar.

- I Regionalt miljøprogram (RMP) er det ei ordning med tilskot viss ein spreier husdyrgjødsla seinast 10.august. Vi informerer om ordninga og oppfordrer bøndene om å søke. Alle bøndene skal ha gjødselplan, der står det at all gjødsla skal spreiaast i vekstsesongen. Men nokre har for små gjødsellager til dette. Det er kostbart å bygge ekstra lager. Vi har informert generelt om gjødselhandtering og rådgjevingstenesta innan landbruket.

Tiltak 3.4. Stimulere til at fleire samverke/gårdbrukarar går til innkjøp av nytt og meir effektivt spreieutstyr for gjødsel (inneber og økonomisk stimulans).

- RMP-midlane har gjort slike investeringar meir aktuelle. Vi har informert om dette.

Tiltak 3.6. Minst 30 % av all mat som blir servert i samband med kommunal verksemd skal vere økologisk/lokalprodusert.

- Vi har vore i dialog med kjøkkensjef A. Brouwer om dette. Har ikkje funne løysinga på dette enda, men kjøkkensjefen er klar over kva som er Surnadal kommune si målsetting og vil forsøke å få gjennomslag for dette når ny innkjøpsavtale for mat for kommunane på Nordmøre skal reforhandlast første halvår 2018.

Tiltak 3.7. Stimulere til reduksjon i bruk av fossile energikjelder (informasjon).

- Utførte arbeid for å planlegge Kløverstukveld om Gardsvarme – Anlegg for biogass, flis og ved, i samarbeid med Norsøk og Fylkesmannen.

Tiltak 3.9. Stimulere til auka kunnskap om optimal foring (informasjon, kurs i regi Tine).

- Vi har informert om fagdagar, kurs og møter og oppfordrer til å bruke fagfolk til å lage fôringsplaner.

Tiltak 3.9 Stimulere til auka kunnskap om optimal foring (informasjon, kurs i regi Tine).

- Vi har informert om fagdagar, kurs og møter og oppfordrer til å bruke fagfolk til å lage fôringsplaner.



Tiltak 3.11. Stimulere til auka kunnskap om gjødselplanlegging generelt.

- Alle skal ha gjødselplan, vi oppfordrer til å følge planen og la fagfolk lage planen, basert på bl a jordprøver.

Tiltak 3.13. Informere om effekt av grøfting/hydrotekniske tiltak, redusert areal dyrka myr, andre handteringsmåtar for vekstrestane samt førebygging av pakkeskadar i jord, slik at kritiske oksygennivå blir unngått.

- Vi har informert om tilskot til drenering/grøfting og oppfordrer til å søke. Kostnaden med drenering kan bli stor. Oppfordrer også til å unngå jordpakking. Driftsmåtene no gir ofte jordpakking på grunn av store og tunge maskiner. Meir nedbør og våtare klima gir større fare for jordpakking.

Tiltak 3.14. Informere om viktigheten av hurtig nedmolding med omsyn til klimagassutslepp og den enkelte sin ”økonomi” .

- Vi har informert på Facebook, i samtaler og om fagmøter.

EPC-prosjektet ble ferdig sommeren 2017 og vi ser allerede resultater.

Vi har ikke et helt år som referanse, men i forhold til budsjettet energientreprenøren, GK-inneklima, har satt opp, ligger vi der vi skal ligge i forhold til sparing, litt i overkant og. Det er litt forskjellig hvor mye vi klarer å spare på de enkelte byggene, men samlet er vi innafør.

EPC-prosjektet har ellers ført til at driftspersonellet har fokus og er mere bevisste på energibruk, og vi håper at vi på sikt også kan få det overført til andre ansatte og elever.

Høsten 2017 ble som du nevner veggen i trapperommet utbedret med nye energibesparende vinduer og dør. Det er også gjort en del etter-isolering og tetting av fasader rundt skolekjøkkenet ved SUS, der vi tidligere har hatt problemer med kald trekk, og med det problem med å holde varmen i rommet i kalde perioder.

En annen sak er at vi i kommunen så smått er i gang med utsortering av plastavfallet, sykeheimen er først ute, der er det anskaffet stativ med stor sekke for plast. Vet det også er snakk om det på Øye skole, men vi får se litt på erfaringene ved sykeheimen nå før vi «ruller det ut» på flere bygg.

Ellers har det siste året vært mye fokus på lyd, både det at det er «lytt» mellom rom/kontor og mye romlyd (skole/barnehage), så vi har jobbet mye med det, både tetting/isolering mellom rom/kontor og støyisolasjon i himlinger i skoler/barnehager.

2.4 Likestilling

Ein kommune har ulike roller i samfunnet og skal i sine roller utøve likestillingsarbeid:



som arbeidsgjevar, som tenesteutøvar og som samfunnsutviklar.

Som **arbeidsgjevar** er det spesielt viktig å ivareta likestillingsperspektivet ved å hindre diskriminering grunna t.d. kjønn, nedsett funksjonsevne, hufarge, religion, etnisitet, språk, seksuell orientering, kjønnsuttrykk og alder. Det gjeld både under tilsetjingsprosess, undervegs i og ved avslutning av arbeidstakarforholdet. Dette må skje innanfor gjeldande lov- og avtaleverk.

Som **tenesteutøvar** skal ein arbeide for at tenestene, både i omfang og innhald, skal vere mest mogleg likestilte og likeverdige for brukarane. Frå barnehage til omsorg ved livets slutt: alle tenestemottakarar har krav etter lovverket på eit tenestetilbod som i størst mogleg grad tek omsyn til den livsfase og livssituasjon ein er i.

Som **samfunnsutviklar** og viktig samfunnsaktør har kommunen ei særleg rolle. Som behandler av saker knytt til byggeløyve er det viktig å sjå til at likestillingslovene og spesielt særreglane knytt til universell utforming vert følgd opp av byggherrane.

På dei ulike områda har Surnadal kommune ein aktivitetsplikt. Lovverket på området ble juni 2017 endra slik at fleire lover ble samla til ei lov: «lov om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven)». Sjølv om lova trådde i kraft først frå og med 1. januar 2018, ble det gjort ulike grep i 2017 for å tilpasse seg den nye lova.

Eksempelvis ble det i den nye lova endring i lovregelen kring trakkassering (herunder seksuell trakkassering). Dette ble teke inn i det interne arbeidet på hausten 2017 med revidering av kommunen sine HMS-rutinar, og der det da ble vedteke å lage eigen prosedyre for handtering av mobbing og trakkassering (herunder seksuell trakkassering).

Stillingsstørrelse fordelt på kjønn

Statistikken viser oversikt over den stillingsprosent dei tilsette mottar månadslønn etter pr desember 2017. Tal pr desember 2017 viser ein slik fordeling:

Arbeidstid	Kvinner	Menn
100% stilling	230 (225)	79 (81)
Deltidstilsette: gj.sn. stillings%	62,91% (63,47%)	52,54% (50,61%)

Det er den stillingsprosenten som vedkommande står i /mottek lønn i pr. desember som danner grunnlaget for statistikken både for 2017 og 2016. Tal for 2016 i parentes.

Arbeidsfråvær fordelt på kjønn

Statistikk ulik type fråvær 2017 (faste tilsette og tilsette i ulike typar vikariatstillingar er tekne med):

Kjønn	Tal tilsette %vis fordeling	Eige sjukefråvær	Sjuke barn



Menn	120 (122) 17,5% (17,2%)	3,32% (3,16%)	0,25% (0,30%)
Kvinner	567 (589) 82,5% (82,8%)	7,47% (8,53%)	0,44% (0,35%)
Sum	687 (711) 100%	6,78% (7,58%)	0,42% (0,34%)

Tal for 2016 i parentes.

Mål og tiltak

Som ein ser av oversikta har talet på tilsette gått ned frå 2016 til 2017 med 24 personar.

Den kjønnsmessige fordelinga har i 2017 vore på same nivå som i 2016.

Sjukefråværet har også hatt ein gledeleg reduksjon med 0,8 prosentpoeng.

I 2017 har ein fortsatt arbeidet med målretta fokus på sjukefråvær og det som kan utløyse sjukefråvær samt skape nærværsfaktorar. Dette har hatt særleg fokus og oppfølging i dei einingane som har hatt det største sjukefråværet i 2016, der Personal og kompetanse tidleg i 2017 samla desse og hadde ein gjennomgang saman med bedriftshelsetenesta og NAV Arbeidslivssenter. Tilpassa oppfølging og fokus har hatt positive effektar, og blir vidareført også i 2018.

2.5 3-partssamarbeid

3-partsavtalen mellom politisk leiing, administrativ leiing og dei hovudtillitsvalde frå arbeidstakarorganisasjonane vart fornya i 2015, og skal gjelde for resten av kommunestyreperioden 2015 - 2019.

Avtalen har 4 målområde

Mål 1: Ein betre kommune for innbyggjarane, der ein gjennom 3-partssamarbeidet kjenner til og arbeider mot felles mål.

Mål 2: Tre likeverdige partar som arbeider for å utvikle kommunen.

Mål 3: Samarbeide om godt omdømme.

Mål 4: Formalisere arbeidet med 3-partssamarbeidet

Eksempelvis deltek alle tre partane i budsjettarbeidet, ved ulike byggenemnder, større utviklingsarbeid (eks. digital transformasjon) m.v.

2.6 HMS – arbeid



AAU vedtek på slutten av året kva som skal vere satsingsområda komande år innafor HMS, både for utvalet AAU og organisasjonen elles. Det blir gjort kjent for alle einingar i eige saksframlegg.

For 2017 har satsingsområda for AAU vore at ein i 2017 skulle ha fokus på bedriftskultur og etiske retningsliner. Dei enkelte einingane på si side skulle ha fokus på bedriftskultur og etiske retningsliner, med utgangspunkt i problemstillingar dei møter på arbeidsplassen sin. Til hjelp i dette arbeidet har einingane vorte informert om ulike materiell som Kommunenes Sentralforbund har laga om temaet.

2.7 IA-avtalen (Inkluderande Arbeidsliv)

Mål for IA

1. Reduksjon i sykefraværet med 20 % i forhold til andre kvartal 2001. Dette innebærer at sykefraværet på nasjonalt nivå ikke skal overstige 5,6 %.
2. Hindre frafall og øke sysselsettingen av personer med nedsatt funksjonsevne.
3. Yrkesaktivitet etter fylte 50 år forlenges med tolv måneder. Med dette menes en økning sammenliknet med 2009 i gjennomsnittlig periode med yrkesaktivitet (for personer over 50 år).

Kjernerneverdiar i IA

- Dialog
- Samarbeid
- Løysingar
- Kvar enkelt sine ressursar
- Meistring

Mål og gjennomførte tiltak for IA-arbeidet i Surnadal kommune 2017

Delmål 1: Arbeide for å førebygge og redusere sjukefravær og auke nærværet til arbeid

- Opplæring av leiarar i sjukefråværsoppfølging, opplæring tilsette, tillitsvalde og verneombod om digital sjukmelding.
- Gjennomført 4 samarbeidsmøte med Nav lokalt, 1 med legane.
- Oppfølging i einingar med ekstra utfordingar, avklaring i enkeltsaker.

Delmål 2: Inkluderande rekruttering

- Satsing på språkpraksis- og arbeidstreningsplassar, mellom 5 og 10 gåande heile i 2017



Delmål 3: Avgangsalder

- Gjennom ulike seniortiltak blir det stimulert til at arbeidstakarar skal kunne stå i arbeid så lenge det er mogleg.
- Fokus på rettleiing til tilsette som skal søkje om pensjon. Arbeidsgjevar er ikkje lenger deltakar i denne prosesem og det er den tilsette sjølv som må sette fram søknad om pensjon

IA –arbeidet blir sett på dagsorden 1 gong i året i møte for gjennomgang og evaluering. Leiinga, tillitsvalde og verneombod er representert på desse møta.

2.8 Tilsette pr. 31.12.2017

	Tal tilsette		Kvinner		Menn		Årsverk	
	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016
Totalt	687	711	567	589	120	122	542,5	557,8



2.9 Folketal og sysselsetting

Tabell 1: Folketalsutviklinga i kommunen

Pr. 01.01 År	Folke- mengd	Fødde	Døde	Fødsels- overskot	Innflyttingar	Utflytt- ingar	Netto innflyt.	Folke- tilvekst
2009	6 160	50	65	-15	104	142	-38	-53
2010	5 956	54	55	-1	156	163	-7	-7
2011	5 949	48	64	-16	210	191	19	3
2012	5 952	52	73	-21	194	199	-5	-25
2013	5 927	50	62	-12	211	174	37	27
2014	5 954	49	55	-6	185	157	28	22
2015	5 976	52	59	-7	171	171	0	-7
2016	5 969	59	79	-20	219	182	37	17
2017	5 986	51	64	-13	147	142	5	-8
2018	5 978							

Kjelde: Regionalstatistikken, SSB

Sysselsetting

Ved utgangen av november 2017 var det registrert 36 heilt arbeidsledige i Surnadal kommune. Dette utgjer 1,1 % av arbeidstyrken. Av dette var det 11 kvinner og 25 menn. Tala viser har det vore ein auke i talet på arbeidsledige siste året. I Rindal er 0,9 % av arbeidstyrken heilt arbeidsledig, mens tala for Halsa var 1,9 %. Desse tala viser at det er stor aktivitet i næringslivet. Mykje tyder på at det vil bli stor etterspørsel etter arbeidskraft i åra framover.



3 Rekneskap for Surnadal kommune 2017

3.1 Investeringsrekneskapen

Samla investering i anleggsmidlar i 2017 var kr 33 010 204. Av dette vart kr 10 564 549 lånefinansiert.

3.2 Driftsrekneskapen

Driftsrekneskapen viser slikt resultat for einingane:

		Regnskap	Budsjett	Meirforbruk	Forbruk
	Ansvær	2017	2017	i kr	i %
100	SENTRALADMINISTRASJONEN	28 483 077	27 442 000	1 041 077	103,80
130	KULTUR	6 791 455	6 188 000	603 455	109,80
150	POLITISK VERKSEMD	3 352 275	4 300 000	-947 725	78,00
223	MIDTIGRENDA BARNEHAGE	8 009 925	7 409 000	600 925	108,10
227	ØYE OG SKEI BARNEHAGE	11 560 526	11 335 500	225 026	102,00
231	BØFJORD OG BÆVERFJORD OPPVEKSTSENTER	7 893 395	6 984 000	909 395	113,00
233	MO OPPVEKSTSENTER	7 565 412	6 751 000	814 412	112,10
234	TODALEN OG STANGVIK OPPVEKSTSENTER	17 142 409	16 393 000	749 409	104,60
236	ØYE SKULE	28 589 837	28 528 000	61 837	100,20
237	SURNADAL UNGDOMSSKULE	23 271 735	23 550 000	-278 265	98,80
238	VAKSENOPPLÆRING OG INTEGRERING	15 660 928	16 098 000	-437 072	97,30
310	HELSE OG FAMILIE	19 712 163	21 096 000	-1 383 837	93,40
330	SJUKEHEIMEN	52 392 066	51 655 000	737 066	101,40
340	BU OG AKTIVITETSTENESTE	44 765 243	43 660 000	1 105 243	102,50
350	HEIMETENESTA	31 008 572	32 218 000	-1 209 428	96,30
360	NAV	4 994 764	5 783 000	-788 236	86,40
420	KOMMUNALTEKNIKK	10 310 109	10 706 000	-395 891	96,30
430	KOMMUNALTEKNIKK - VAR	-2 739 225	-2 471 000	-268 225	110,90
440	AREAL OG NATURFORVALTNING	6 072 057	6 215 000	-142 943	97,70
460	EIGEDOM	21 883 836	19 866 500	2 017 336	110,20
503	TILSKOT	9 597 287	9 742 000	-144 713	98,50
510	DAGLEG LEIAR PPT	2 830 943	2 624 000	206 943	107,90
520	REKTOR KULTURSKULEN	3 167 074	2 953 000	214 074	107,30
530	KYRKJELEG FELLESRÅD	5 732 000	5 732 000	-	100,00
540	IK BARNEVERN	10 732 984	10 161 000	571 984	105,60
Samla for dette utvalet		378 780 847	374 919 000	3 861 847	101,03

Avvik frå budsjett er kommenterte i tekstdelen under dei einskilde einingane.

I 2017 vart driftsrekneskapen for Surnadal kommune avslutta med eit netto driftsresultat på kr 7 803 288. Dette svarer til 1,45% av driftsinntektene på kr 536 318 822. For 2016 var netto driftsresultat på kr 1 500 367.



3.3 Auke i lønsutgifter

3.3 Lønsutgifter i høve til driftsrekneskapen for 2017

	2017	2016	auke i kr	auke i %
Lønn inkl. sosiale utgifter	380 522 108	372 533 257	7 988 851	2,14

3.4 Skatt på formue og inntekt

I 2017 var kommunedelen av skatteinngangen kr 140 387 434, mot kr 132 820 637, i 2016. Dette er ein auke på kr 7 566 797, eller 5,70 %.

3.5 Fond

Bundne driftsfond	kr	18 367 933
Ubundne investeringsfond	kr	0
Bundne investeringsfond	kr	196 259
Disposisjonsfond	kr	36 380 315
Til saman rekneskap 2017	kr	54 944 507
Til saman rekneskap 2016	kr	<u>56 301 713</u>
Minke frå 2016 til 2017	kr	<u>-1 357 206</u>

3.6 Lånegjeld

Lånegjelda er siste året auka frå kr 408 012 658 til kr 414 646 066. Dette svarar til ein auke frå kr 68 161 per innbyggjar til 69 269 per innbyggjar.

I tillegg har vi langsiktig gjeld i form av pensjonsplikt på kr 787 949 957.

3.7 Langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld (inkl. pensjonsplikt og lån til vidare utlån) har utvikla seg slik:


	Gjeld	Folketal	Kr pr innbyggjar
2013	kr 1 030 526 192	5 954	kr 173 081
2014	kr 1 093 898 443	5 976	kr 183 049
2015	kr 1 144 612 996	5 969	kr 191 760
2016	kr 1 165 434 191	5 986	kr 194 693
2017	kr 1 202 596 023	5 978	kr 201 170



3.8 Andre utdrag frå rekneskapen

Lønnsutgiftene sin del av dei totale driftsutgiftene:

	Totale utgifter	Lønnskostnad	Prosent
2013	kr 487 865 341	kr 330 790 806	67,80 %
2014	kr 492 311 409	kr 347 694 386	70,62 %
2015	kr 500 337 706	kr 365 569 460	73,06 %
2016	kr 516 424 365	kr 372 533 257	72,14 %
2017	kr 528 595 072	kr 380 522 108	71,99 %



3.9 Finansielle omløpsmidler



Aktivklasser:

Utanlandske aksjefond:

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.17	Virkeleg verdi pr. 31.12.17	Bokført verdi pr. 31.12.17
Aksjefond 1	1 911 518	5 679 326	5 679 326
Aksjefond 2	107 941	559 897	559 897
SUM	2 019 459	6 239 224	6 239 224

Norske aksjefond:

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.17	Virkeleg verdi pr. 31.12.17	Bokført verdi pr. 31.12.17
Aksjefond 3	2 846 292	7 008 586	7 008 586
Aksjefond 4	1 050 000	2 515 790	2 515 790
SUM	3 896 292	9 524 376	9 524 376

Utanlandske obligasjonsfond:

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.17	Virkeleg verdi pr. 31.12.17	Bokført verdi pr. 31.12.17
Obligasjonsf. 1	1 700 000	2 881 249	2 881 249
SUM	1 700 000	2 881 249	2 881 249

Norske obligasjonsfond:

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.17	Virkeleg verdi pr. 31.12.17	Bokført verdi pr. 31.12.17
Obligasjonsf. 2	3 100 000	4 167 151	4 167 151
SUM	3 100 000	4 167 151	4 167 151

Norske pengemarknadsfond:

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.17	Virkeleg verdi pr. 31.12.17	Bokført verdi pr. 31.12.17
Pengem.fond 1	4 000 000	5 620 682	5 620 682
SUM	4 000 000	5 620 682	5 620 682

Norske bankinnskot:

Omløpsmiddel	Virkeleg verdi pr. 31.12.17	Bokført verdi pr. 31.12.17
Bank 1	49 771 850	49 771 850
Bank 2	8 031	8 031
Bank 3	4 016 250	4 016 250
Bank 4	90 524	90 524
Bank 5	1 943 238	1 943 238
SUM	55 829 893	55 829 893

Porteføljen er innafor dei rammene som kommunestyret behandla i sak 112/07.

Her vart allokeringa i ulike aktivklasser sett til:



Forutsetninger	Forventet avkastning	Standardavvik	Korrelasjonsmatrise						
			NA	UA	NO	U St.O	E	H	B/p
Norske aksjer	9,0 %	22,0 %	1,00	0,76	0,10	-0,36	0,43	0,46	-0,08
Utenlandske aksjer	8,0 %	14,0 %	0,76	1,00	0,08	-0,26	0,57	0,43	-0,06
Norske obligasjoner	5,0 %	2,5 %	0,10	0,08	1,00	0,48	0,18	0,13	0,41
Utenl. statsobligasjoner	4,5 %	2,0 %	-0,36	-0,26	0,48	1,00	-0,06	-0,10	0,50
Eiendom	7,5 %	12,0 %	0,43	0,57	0,18	-0,06	1,00	0,26	-0,03
Hedgefond	6,5 %	6,0 %	0,46	0,43	0,13	-0,10	0,26	1,00	0,06
Bank/pengemarked	4,0 %	0,6 %	-0,08	-0,06	0,41	0,50	-0,03	0,06	1,00
ALLOKERING	Andel	Tidshorisont	10						
Norske aksjer	18 %	Forventet avk.	5,8 % p.a.	Totalavk.	76,4 %				
Utenlandske aksjer	12 %	Standardavvik	5,3 %	Totalst.avv.	16,8 %				
Norske obligasjoner	18 %	Sannsynlighet for bedre avk. enn kritisk grense	99,8 %						
Utenl. statsobligasjoner	22 %								
Eiendom	0 %								
Hedgefond	0 %								
Bank/pengemarked	30 %								
	100 %								
Kritisk grense for avkastning	2,5 %								
Bredde X-Akse	90,0 %								

Avkastning

Ein har med bakgrunn i dette valt å gå mot ei slik samansetning av porteføljen for langsiktige aktiva:

Aksjefond norske aksjer	kr 5 400 000
Aksjefond utanlandske aksjer	kr 3 600 000
Norske obligasjonar/ obligasjonsfond	kr 5 400 000
Utanlandske obligasjonsfond	kr 6 600 000
Bank/ pengemarknadsfond	kr 9 000 000
Til saman	kr 30 000 000

Finansreglementet vårt har disse rammene for denne forvaltninga:

Samla maksimum plassering i pengemarknads- og obligasjonsfond er 50% av aktuell kapital. Maksimum plassering i aksjefond er 40% av kapitalen. Midlar plasserte i aksje-fond skal ha ein tidshorisont på minst 5 år.

Aksjefond skal spreast på norske, nordiske og/eller fond med minst 60% europisk plassering. Ingen fondstype skal ha meir enn 50% av plasseringa.

Med denne porteføljen er vi godt innafor desse rammene. Porteføljen er ikkje å sjå på som statisk, men som eit uttrykk for det som bør vere normalsituasjonen. Det vil alltid vere avvik frå desse verdiane, både på grunn av verdiendring på fonda og på grunn av inn -/ utfasing i ei aktivaklasse.

Ein har sett det som fornuftig å gå inn i marknaden gjennom fleire mindre kjøp over tid. Dette for å spreie risikoen i kjøpsfasen i ein litt uroleg marknad. For tida ynskjer vi også å vere undervekta i obligasjonsmarknaden.

For aksjefond ligg vi no over normalverdiane for både norske og utanlandske fond. Dette har samanheng med avkastning i perioden som enno ikkje er teke ut.

Når det gjeld bankinnskot er det i økonomireglementet fastsett ei maksimal ramme for innskot i ein og same bank på kr 50 000 000.



3.10 Langsiktig gjeld

Total lånegjeld er kr 414 646 066, fordelt på 30 lån hos 3 ulike långjevarar.

Av dette er kr 28 370 184 knytt til formidlingslån, og kr 386 275 882 til eigne investeringar i anleggsmidlar.

Lånegjelda er siste året auka frå kr 408 012 658 til kr 414 646 066. Dette svarar til ein auke frå kr 68 161 per innbyggjar til 69 269 kr per innbyggjar. I tillegg har vi langsiktig gjeld i form av pensjonsplikt på kr 787 949 957.

Lånegjelda er fordelt slik mellom långjevarane:

Husbanken	kr 28 370 184
Kommunalbanken	kr 358 807 132
KLP Kommunekredit	kr 27 468 750

Lånegjelda har slik fordeling på vilkår:

Flytande rente	kr 96 891 464
3 mnd. NIBOR +/- margin	kr 255 780 682
Fastrente	kr 61 973 920

Rentesikring i tillegg var vårt eige rentefond på kr 24 786 294.

Lånegjelda har slik gjenståande avdragstid:

Nedbetalt < 5 år	kr 4 374 660
Nedbetalt mellom 5 og 10 år	kr 13 515 569
Nedbetalt mellom 11 og 15 år	kr 16 100 371
Nedbetalt mellom 16 og 20 år	kr 156 479 843
Nedbetalt mellom 21 og 25 år	kr 126 997 456
Nedbetalt mellom 26 og 30 år	kr 70 261 558
Nedbetalt > 30 år	kr 26 916 609

3.11 Skatterekneskapen

Økonomiavdelinga har eigen skatteoppkrevjar, og krev inn skatter for kommunen, fylkeskommunen, staten og folketrygda. Det vert ført eige rekneskap for skatteinntektene og folketrygda. Fordeling av inntektene skjer kvar månad.

År	Innbet. skattar og arb.gj.avgift (mill.kr.)	Auke i %	Kommunedel (mill. kr)	Auke/minke i %
2013	543,4	12,5	115,1	4,53



2014	577,7	6,3	120,2	4,40
2015	584,9	1,2	122,5	1,88
2016	653,6	11,7	132,8	8,40
2017	605,3	-7,4	140,4	5,72

3.12 Eigedomsskatt – bustad og fritidsbustad


Krets	Utskrive skatt	% av samla skatt
Bøfjorden	473 097	5,85 %
Bøverfjord	584 113	7,22 %
Mo	822 165	10,16 %
Øye	4 733 419	58,51 %
Stangvik	1 070 914	13,24 %
Todalen	406 119	5,02 %
Sum	8 089 827	100,00 %



4 Rådmann/sentraladministrasjonen

4.1 Rådmann

Gjeldande organisasjonskart ser no slik ut:





Rådmannsteamet (leiargruppa) er samansett av rådmannen, dei 3 kommunalsjefane, plansjefen og økonomisjef. I den utvida leiargruppa deltek også personalsjef og avdelingsleiar for informasjon og service. Hovudoppgåva for rådmannsteamet er m.a. å førebu, legge fram, i verksette og følgje opp forslag som blir vedteke i politiske organ. Rådmannsteamet har også eit overordna ansvar for administrativ leiing og økonomistyring – og å legge tilrette og gjennomføre gode prosessar for strategisk arbeid og utvikling.

Dette ville vi oppnå i 2017

- Gjennomføre beslutningar i høve til kommunereforma.
- Gjennomføre nødvendige reduksjonar i drifta.
- Gjennomføre politiske vedtak som følger av budsjettredusjonane.

Vurdering

- Det start opp eit arbeid for å få til eit nytt brannvernsamarbeid, og reetablering av eksisterande interkommunale samarbeid.
- Det har vore arbeidd med å ta ned driftsnivået i tråd med budsjettvedtak.
- Det har vore arbeidd med å gjennomføre dei politiske vedtaka.

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- Interkommunalt samarbeid tilpassa ny kommunestruktur.
- Tilpasser tenesteproduksjonen etter dei økonomiske rammene.
- Tilpasser nye strukturelle endringar som følger av politiske vedtak.

Vurdering

- Etter kvart må vi tilpassa interkommunale avtalar til den nye kommunestrukturen.
- Stramme budsjett krev ein kontinuerleg tilpassing av tenesteproduksjonen.
- Det blir arbeidd kontinuerleg med å tilpassa krava til strukturelle endringar.

Utfordringar

- Gjennomføre kostnadsreduksjonar i drifta.
- Viktige satsingar innafor IKT og dataløysingar.
- Rekruttere og beholde kompetent personale.

Vurderingar



Det må takast fleire strategiske val i samband med framtidige interkommunale samarbeid, med tanke på best muleg tenestekvalitet til innbyggjarane våre også i åra som kjem. Stramme budsjett sett store krav til drifta. Vi ser at det fortsatt må arbeidast målretta for å sikre god og kompetant arbeidskraft.

4.2 Økonomi

Økonomi har ansvaret for disse oppgåvene:

- Føring av rekneskap for kommunen, inkludert interkommunale samarbeid og diverse legat. Avstemming og kontrollarbeid på rekneskapen.
- Ansvar for mva. oppgåvene, inkl. søknad om mva. kompensasjon.
- Felles mottak og skanning av fakturaer for heile kommunen.
- Utgåande fakturering for alle einingane, og ansvar for innfordring av alle kommunale krav.
- Overordna ansvar for budsjettgrunnlag og oppfølging av dette.
- Ansvar for rutinane for økonomiarbeidet og internkontroll på dette området.
- Overordna ansvar for innkjøp og kontaktpunkt mot innkjøpssamarbeidet på Nordmøre.
- Lønnsarbeid, inkl. refusjon av sjukepengar.
- Daglig finansforvaltning, både på plassering og gjeldssida.
- Saksbehandling for formannskap og kommunestyre i økonomisaker.
- Rettleiing og oppsyn med økonomiarbeidet i einingane.
- Skatteoppkrevjar for kommunen, fylkeskommunen, staten og folketrygda, inkl. rettleiing, saksbehandling, tvangsinnkrevjing/ tvangssal og rekneskapskontroll.
- Arbeidsgjevarkontroll, inkl. rettleiing for nye arbeidsgjevarar.
- Eigedomsskattekontor, inkl. saksbehandling for takstnemnda og klagenemnda.
- Administrering av startlån, inkl. sikring av part/ tinglysing.

For 2017 var målsettinga å vidareutvikle og forenkle saksflyten vår på økonomiområdet.

Dette ved å

- ta i bruk nye elektroniske forsystem for direkte input i rekneskapet
- sikre gode innkjøp og redusert fakturabehandlingstid ved bruk av eOrdre og Visma eHandel
- få alle tilsette over til lønsslipp på epost og elektronisk reiserekning

Kompetanseutvikling

Delta på regionale og nasjonale kurs og konferansar innan fagområdet. Ta i bruk nye verktøy som blir utvikla, og vere pådrivar for oppgradering, rasjonalisering og samarbeid i Romsdal og på Nordmøre.



4.3 Personal og kompetanse

Aktivitet

Personal og kompetanse har i 2017 hatt 3,25 årsverk. Avdelinga har særleg ansvar for å sette i verk kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk slik den er nedfelt i lov- og avtaleverk, kommunale planar, med særleg vekt på personalplana, og andre kommunale vedtak som gjeld arbeidsgjevarpolitikken.

Avdelinga har også ansvar for saksbehandling og oppfølging av vedtak i tilsettingsutvala, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet og sekretærfunksjon i andre utval, prosjekt og arbeidsgrupper knytt til kommunen sin arbeidsgjevarfunksjon.

Personal og kompetanse har eit særleg ansvar for og kvalitetssikre rekrutteringsarbeidet i kommunen, frå ei stilling blir ledig, til evt. utlysing, til vedtak om tilsetting er fatta og kunngjort, inngåing av arbeidsavtalar, og melding til alle som har søkt stillinga. Under tilsettingsforholdet har Personal og kompetanse arbeidsoppgåver i forhold til m.a. ulike typar permisjonar, lønnsfastsetting og forhandlingar, endringar i tilsettingsforholdet, sjukefråværsoppfølging, saker som gjeld yrkesskadar, disiplinærskader, pensjonsspørsmål og søknader om ulike typar pensjon, oppseiing og avslutning av arbeidsforholdet.

Støtteeininga driv mykje med oppfølging, rettleiing og opplæring til einingane i forhold til den daglege utøvinga av arbeidsgjevarfunksjon, og i saker der einingsleiarane treng særskilt oppfølging og støtte. Personal og kompetanse har også overordna ansvar for kommunen sitt arbeid med helse, miljø og sikkerheit (HMS).

Aktivitet/arrangement utover daglege løpende oppgåver:

- Arrangement for jubilantar og pensjonistar
- Velkomsttreff for nytilsette
- Sommarjobb for ungdom

Handlingsprogram

Dette arbeidde ein særleg med i 2017:

- Ein planla å styrke arbeidsgjevarfunksjonen gjennom intern opplæring av både leiarar, tillitsvalde og verneombod i aktuelle tema som har med forholdet mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar å gjere.



Den første planlagte samlinga var i februar 2017 der tema er Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen, og ble gjennomført etter plana. Det har vidare vore halde ulike kurs og temasamlingar innafor ulike emne, også i samarbeid med andre som eks. NAV og bedriftshelsetenesta.

- I 2017 har det vore arbeidd mykje med kommunen sine HMS-rutinar. Det har vore nedsett ei arbeidsgruppe som består av politikarar, tillitsvald, hovudverneombod og administrasjon. Dette arbeidet tek sikte på å gjennomgå alle kommunen sine HMS-rutinar og utarbeide nye rutinar på område der dette er nødvendig. Mykje av rutinane er gjennomgått og ein reknar med at arbeidet blir sluttført i løpet av første halvår 2018.
- Nytt elektronisk rekrutteringssystem ble tatt i bruk i 2017. Ikkje alle funksjonane er teke i bruk i dette systemet enno, med dette vil ein halde fram med i 2018.
- Personal og kompetanse fann det viktig i 2017 å halde seg fagleg oppdatert innafor fagområda som ligg til avdelinga, når det gjeld endringar i lover, avtaleverk og rettspraksis, slik at lokal praksis i Surnadal kommune er i samsvar med dei endringane som skjer på dette området. Dette har ein prioritert å oppfylle innafor budsjettetramma ved å nedprioritere kurs på andre område.
- I arbeidet med å styrke nærværet og redusere sjukefråværer ønska avdelinga å prioritere opplæring av leiarar i oppfølging, tilrettelegging og avklaring, samt opplæring i bruk av tilretteleggingstilkott og andre IA-ordningar. Mellom anna ble det arrangert fagdag om sjukefråværsoppfølging og digital sjukmelding i samarbeid med NAV i oktober 2017. Personal og kompetanse har prioritert opplæring av avdelingsleiarar for å kunne avklare langvarige sjukmeldingssaker tidlegast mogleg og ein har prioritert å delta i dialogmøte i lag med arbeidsgjevar. Som tidlegare har vi gjennomført kvartalsvise møte med NAV. Eit anna fokusområde har vore å avklare tilsettingsforholdet til arbeidstakrarar som har vore ute av stillingane sine lenge.

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

Halde oss fagleg oppdatert innafor fagområda som ligg til Personal og kompetanse, når det gjeld endringar i lover, avtaleverk og rettspraksis, slik at lokal praksis i Surnadal kommune er i samsvar med dei endringane som skjer på dette området. Vi vil prioritere å delta på fagkurs innafor arbeidsgjevarpolitikk og lov/avtaleverk som er aktuelle for arbeidsområdet vårt.



Vi vil prøve å vidarebringe denne kompetansen til leiarar på ulike nivå i organisasjonen vår gjennom korte temasamlingar og opplæringsøkter. Ved gjennomføring er det også aktuelt å nytte KS Læring.

Utfordringar:

- Bruken av nytt elektronisk rekrutteringssystem blir utvida i 2018, og målsettinga er å utnytte moglegheitene som ligg i systemet betre.
- Den elektroniske opplæringsplattforma KS Læring blir innført i 2018. Vi vil utarbeide opplæringsprogram innafor vårt fagområde som kan vere til nytte for leiarar og tilsette.
- Slutføre arbeidet med HMS-prosedyrar og få desse innarbeid i det elektroniske kvalitetssystemet. Det er viktig at desse blir gjort kjent for alle tilsette slik at alle veit korleis dei skal bruke systemet.

4.4 Informasjon og service

Aktivitet

2017 har for Informasjon og service og forsåvidt resten av kommunen, vore prega av «Digital transformasjon». Eit begrep som har satt seg som eit mål både for kommunale tenester og IKT Orkide sin digitale strategi.

Vi må evne å tenkje nytt, vi må sette brukar i sentrum, og ha fokus på gevinstrealisering på alle våre tenester.

Dette gjenspeiler no alle prosjekt vi held på med, det vere seg ny heimeside, digitale tryggleiksalarmer, trådlause nettverk eller bruken av nettmøte.

I 2017 arrangerte Surnadal kommune ein fagdag med nettopp «digital transformasjon» som tema. Ein vellukka dag der tilsette fekk innsyn i kva dette går ut på. Dette arbeidet vil vi vidareføre i 2018 og åra framover.

Handlingsprogram



Dette vil vi oppnå i 2017:

- Innføre digital tryggleikssalarm og tryggleikspakke
- Ta i bruk skjema med sensitive data (skjema med helseopplysningar som krev ekstra sikkerhet)
- Ny heimeside (nytt design og nye tenestesider) tilpassa dagens behov
- Ta i bruk Skype som samarbeidsløysing i større grad, for betre effektivitet og mindre reising
- Sette opp trådlause nett i alle kommunale bygg – full dekning
- Innføre sikker utskrift innanfor helse og skule
- Auke i nettkapasitet frå 100 Mbit til 1 Gbit frå kommunar til fellespunktet i Kristiansund, samt utskifting av lokalt utstyr slik at vi kan unytte den auka kapasiteten
- Innføre mobil kostnadskontroll
- Innføre eigen portal opp mot mobile tenester for support og innkjøp for alle tilsette

Vurdering

- Surnadal kommune har innført digitale tryggleiksalarmer i henhold til plan.
- Bruk av sensitive skjema er enno ikkje teke i bruk. Det ligg ein del arbeid med å sette opp ei sikker løysing, noko Kristiansund kommune har teke ansvar for, og som snart er i drift.
- Vi har fått ny heimeside, med nytt design og ny stuktur, tilpassa dagens behov
- Skype som verktøy for nettmøte blir meir og meir brukt, og i 2018 skal alle tilsette ha tilgang til dette verktøyet.
- Alle kommunale bygg skal no ha trådlaus dekning. Det vart gjort ein stor jobb med å dekkje alle rom på sjukeheimen blant anna.
- Innføring av sikker utskrift er no innført på skule. Innanfor helse er det no kun sikker sone som manglar.
- Nettkapasiteten har auka frå 100 Mbit til 1 GBit på fleire lokasjonar
- Vi har innført mobil kostnadskontroll, og kommunen kan no skille på arbeid og privat bruk, der privat bruk blir trekt på lønna til den einskilde
- Vi har satt opp eigen portal for mobile tenester <http://mport.no>, men har ikkje innført kjøp av produkt, kun support

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- SvarInn – Ta i bruk SvarInn, ei nasjonal løysing med mulighet for publikum å sende digital post inn til kommunen
- Innføre SvarUt frå fleire fagsystem, ikkje berre sak/arkivsystemet (Ephorte)
- MinSide - Ei løysing knytt opp mot heimesida og digitale skjema til nytte for innbyggjarane



- Arbeide med å få på plass ein felles arkivkjerne. At fleire fagsystem har felles arkivkjerne og kan utveksle data seg imellom
- Digitalt førsteval på «alle» tenester. Eit arbeid vi er prisgitt våre leverandørar, men vi ønskjer at flest mogleg av våre tenester er tilgjengeleg digitalt

Vurdering

- Vi har teke i bruk SvarInn og skal gjennomføre tiltak for å auke denne bruken framover.
- SvarUt frå andre fagsystem enn Ephorte er på gong. Vi har mottekke tilbod på slik funksjonalitet på Gerica og planlegg å innføre dette der, samt på andre fagsystem i løpet av 2018
- MinSide er no oppe som pilot i Kristiansund. Der vil fleire funksjonar komme etter kvart, deriblant ein funksjon frå Visma som går ut på at publikum sjølv kan utsette betaling av kommunale avgifter.
- I forhold til felles arkivkjerne, så er det no avgjort at vi skal ut på anbod på nytt sakarkivsystem med slik funksjonalitet.
- Arbeidet med digitalt førsteval er noko vi stadig arbeider med, både gjennom Min side, men og gjennom arbeid med skjema og då spesielt sensitive skjema

Utfordringar

- Utfordringar knytt til oppetid er fortsatt gjeldande og vil bli endå meir viktig, når vi no flyttar fleire og fleire system og funksjonar opp i «skya».
- Det viktigaste er no at nettet fungerar slik at ein kan nå tenestane i skya.
- Rydding i arkiv er framleis like viktig og framleis same situasjon med tanke på ressursar i dette arbeidet



Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulert)	Avvik	Rekneskap 2016
Sentraladministrasjonen	28 483	27 442	1 041	28 605

Rådmannen si vurdering

Dei samla kostnadane er lågare enn 2016 (pga. lågare bemanning), men likevel ikkje nok til å klare seg innafor tildelt ramme. Meirforbruk skuldast fleire høve, men først og fremst høgare eksterne felleskostnader som ikkje var høgt nok budsjettert.

4.5 Politisk verksemd

Ein har valt å leggje all økonomi knytt til politisk verksemd under eit eige ansvar. Dette er:

- Ordførar 100% stilling, funksjonshemma
varaordførar 20% stilling
- Kommunestyre, formannskap og Klientutval
- hovudutvala Kontrollutvalet
- Ungdomsråd, eldreråd, rådet for Overformynderiet
- Valstyret

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulert)	Avvik	Rekneskap 2016
Politisk verksemd	3 352	4 300	-948	3 940

Rådmannen si vurdering

Mindreforbruket (og resultatbetring frå 2016) skuldast til dels at kostnadane med gjennomføring av stortingsvalet sist haust vart lågare enn forventa pga. langt meir effektiv telling av stemmesedlande (scanning). Elles ser vi også resultat av noko mindre reise-/møteaktivitet utafor kommunen, samt at det var lagt inn «buffer» i driftsramma for evt. prosjektkostnader knytta til kommunereformen.



5 Næringsliv, kultur og utvikling

5.1 Næringsliv og utvikling

Aktivitet

Næringsliv og utvikling sine oppgåver er å være bindeleddet mellom kommunen og næringslivet. I dette inngår forvalting av næringsfondet samt driftet kommunens HoppId.no-kontor. Utviklingsteamet skal sette i gang prosessar som skapar utvikling i dei ulike einingane, der oppstart, skrive søknader og driftet prosessen kan være ein del av oppdraget. Kommunalsjefen er framleis utleid til Surnadal Hamneterminal AS som no går over i driftsfase. Vi fyller ulike verv og posisjonar, men hovudoppgåva vår er å skaffe eksterne midlar til dei tiltak vi vil gjennomføre. Med rundt 30 millionar i eksterne midlar på 4 år er vi svært nøgd med det. Utfordringa vår er at vi er få og arbeidsoppgåvene mange. Vi har likevel evna å levere mange gode tenester og oppnådd dei mål vi har satt oss.

- Vi forsett å leie ut kommunalsjefen til Surnadal Hamneterminal AS i ein svært hektisk byggeperiode
- Næringskonsulenten er utleid i sekretærfunksjon i Surnadal Alpinsenter AS, Surnadal Alpineiendom AS og Surnadal Næringsforening
- Vi driftar næringsutviklingsprogrammet for SuSu (saman med Sunndal Næringselskap AS på vegne av Sunndal kommune).
- Vi driftar HoppId.no- kontoret
- Vi har stadig aukande pågang på næringsfondet og bedriftsrådgiving i den samanheng
- Vi forvaltar og fordeler kommunen sitt landbruksfond.
- Vi forvaltar kommunen sitt næringsareal, og følgjer opp dei som vil kjøpe næringstomter.

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2017

- Få ei god drift i Surnadal Hamneterminal AS, bygge ut området og opparbeide større kundekrets. Søke om meir offentleg støtte til å utvide areal



- Fortsette med å få til eit godt system for oppfølging av verksemder som har fått støtte frå næringsfondet og jamnlege bedriftsbesøk
- Få fleire og betre etableringar som også er i god gang med varig drift
- Fortsette rekrutteringsarbeidet med Sjekk Nordmøre og Utpågang
- Få boligstrategisk plan ut i livet og starte tiltak innafor plana.
- Få fleire investorar/kjøparar i opparbeidd areal i Røtet
- Evaluere og slutføre næringsutviklingsprogrammet saman med Sunndal kommune og stake ut kurser for framtidige tiltak og prioriteringar

Vurdering

- Surnadal Hamneterminal AS har fått utbygd totalt 33.000 m², og investeringsfasen er no over i driftsfase. Det er 3 leietakarar som etter kvart har utvida arealet dei leiger. Det vart søkt Landbruksdirektoratet om støtte, men vi fekk avslag.
- Næringsfondet behandla 34 søknader i 2017 der det totalt blei søkt om 5,1 millionar kroner, og det bli løyvd 1,7 mill. kroner. I tillegg blei det løyvd 1.9mill frå næringsfondet til tiltak som Kommunestyret allereie har lagt føringar for. Finansiering av SuSu-samarbeidet og delvis dekking av personalkostnader utgjer ein stor del av dei 1,9 millionane.
- Landbruksfondet, kr 320.000,- blei fordelt på 17 søkerar.
- Næring og utvikling, delvis saman med ordførar og rådmann, har gjennomført 15 planlagte bedriftsbesøk i 2017. Ut over dette har fleire bedrifter vore oppsøkt som ein del av ulike prosjekt og tiltak ute i bedriftene som næring og utvikling har vore involvert på eit eller anna nivå.
- Sjekk Nordmøre har vore på treff både i Trondheim og Oslo for å rekruttere «heimattflyttarar» og marknadsføre kommunen som ein god plass å bu og arbeide i. Dette gjer vi i eit samarbeid med Sunndal (SuSu). Vi har også gitt ut 2 utgåver av magasinet Utpågang som blir sendt til alle busette i begge kommunane. Samt at vi har med magasinet på alle aktivitetar og møteplasser vi har i eigen regi og i lag med Sunndal.
- Boligpolitisk plan 2016-2020 vart ferdig og godkjent i kommunestyret 10.11.2016. Det er oppretta ei styringsgruppe som har til ansvar å gjennomføre møteplassar for byggenæringa. Første workshop vart gjennomført med ca. 30 deltakarar. Potensielle husbyggjarar vart også invitert til «speed date» med



Husbanken, entreprenørar, eigedomsmeglarar og andre fagfolk i byggebransjen. Det er også satt i gang et arbeid med å lage ei tomteoversikt for kommunale tomter og marknadsføre dette på både på heimsida og i annonsering. Eigedomsavdelinga følgjer opp tiltaket om heimebesøk for å kartlegge bustadbehov.

- Etterspurnaden av kommunale industritomter har vore aukande dei siste åra. I 2017 har omsetninga av næringsareal vore knytt opp mot tilleggsareal til eksisterande bedrifter. Dette kan ein sjå i ljos av eit næringsliv som går godt og dermed treng meir plass til sin aktivitet.
- Surnadal Hamneterminal AS arbeider med å få fleire leidgetakrar på hamna og for å utvide det arealet som eksisterande kundar har. På sikt vil ein både auke arealet og bygge terminalbygg.
- I oktober i 2017 arrangerte vi «Sirkus SuSu» i Idrettshallen med deltakrarar frå næringsliv, kulturskule, ungdomsskule og frå begge dei vidaregåande skulane. Det var mange aktørar i sving og stort oppmøte både av utstillerar, ungdom og publikum. Da vart magasinet «Utpågang» omdøpt til «Framgang» for å markere 4 års samarbeid med næringsutvikling. Det er kjekt å kunne vise til at Indre Nordmøre går mot straumen og har positiv utvikling både i talet på arbeidsplassar og på bedriftsetableringar. Vi opplever svært positiv omtale i media, både på leiarplass og i reportasjar. Dette er svært viktig for å bygge omdømme og bidra til positive haldningar i utviklingsarbeidet. Det vart søkt fylkeskommunen om 4 nye år som vart eit positivt vedtak og samråystes vedtak i begge kommunestyra om vidareføring i 4 nye år. Det må være ei ann erkjening på at vi leverer og oppnår resultat. Våren 2018 vil næringssamarbeidet med Sunndal bli evaluert og rapportert både frå administrasjonen og frå eit eksternt konsulentfirma. Så langt har bedriftene rapportert om ein auke på om lag 150 nye arbeidsplassar der næringsfondsmidlar frå begge kommunane har vore bidragsytar.

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- Bidra til å auke talet på tilsette i næringslivet med 60 stillingar, 100 nye etableringar og styrke eksisterande næringsliv
- Styrke Surnadal kommune sitt omdømme som ein god plass å bu
- Bidra til å få utbygd Svartvatnet friluftspark
- Bidra til å få bygd aktivitetspark i Sæterlia for heilårsdrift



- Få min 10 millionar kr i eksterne midlar til nærings- og samfunnsutvikling i kommunen

Vurdering

- Både i samarbeidet med Sunndal og i eige næringsutviklingarbeid har vi som mål å bidra til å auke talet på tilsette i næringslivet med 60 stillingar, 100 nye etableringar og styrke eksisterande næringsliv. Det meiner vi er realistisk, jamfør dei tala vi kan syne til dei siste åra.
- Å bygge omdømme er noko som må skje heile tida og kvar dag. Det tar langt tid å bygge eit godt omdømme, men det skal svært lite til for å rive det ned. Vi er alle med å påverke dette i vår omtale og aktivitet i kommunen. Vi ønskjer at kommunen vår skal være ein god plass å bu i og at den er attraktiv for tilflytting og besök. Vi annonserer, lagar magasin, har Trondheimstreff og Oslo treff mellom anna for å gjere kommunen vår kjent. Vi har også fått laga ein billed-bank som er tilgjengeleg for alle verksemder i kommunen vår.
- Areal og naturforvalting er godt i gang med planarbeidet for Svartvatnet friluftspark. Nærings- og utvikling kan være dørspnar og bidra til at både næringslivet og offentlege midlar kan bidra til å realisere dei planane som ligg føre.
- Surnadal Alpinsenter har kanskje den beste sesongen nokon gong og det er stor aktivitet både på kveld og helg. Det kjem stadig fleire tilreisande, men det kan godt marknadsførast meir enn det er i dag. Uansett så er drifta ei utfordring både med tanke på den dagleg drifta, investering og vedlikehald av maskiner og ikkje minst med tanke på å bygge ei sårt trengt varmehytte. For at dette skal være drivverdig er ein heilt avhengig av å få til heilårsdrift og da er eit av måla å få bygd aktivitetspark i Sæterlia. Det er gjort eit forarbeid av «Høyt og Lavt» og det har vore møter med sykkelklubben. Styret har gjort ein solid jobb med å lage en strategisk handlingsplan der dette er grundig behandla. Målet må være å få finansiert dette og få det realisert.
- Mykje av vårt arbeid som ender i konkrete tiltak vil bli finansiert av kommunen, men vi har også som mål å hente inn minimum 10 millionar kr i eksterne midlar til nærings- og samfunnsutvikling i kommunen.

Utfordringar

Surnadal Hamneterminal AS er no over i ein ny fase, driftsfase der fokus på utleie og inntekter er viktigast. På sikt vil ein måtte utvide arealet og få bygd eit terminalbygg.



Men dette kan først skje når kundegrunnlaget er auka og ein har langsiktige avtalar. Ein planlagt fusjon med Surnadal Havnelager AS vil bidra til dette. Nærings og utvikling si oppgåve er å drive utvikling, skape nytt og legge til rette for at verksemdene kan utvikle seg og vekse. Vi er i dag berre 2 tilsette i Nærings og Utvikling, men vi får god hjelp frå vår gode kollega einingsleiar på Kultur, særleg i kulturnæringsstiltak. Det er vi 3 som utgjere utviklingsteamet slik det er i dag. Det er heilt avgjerande at både leiing og dei ulike einingane spelar på lag med oss og slik at vi saman kan skape vekst og utvikling. Med berre 2 tilsette blir det eit tungt løft som tek lengre tid enn naudsynt.

5.2 Kultur

Aktivitet

I kulturplanen heiter det: «*Kunst og kultur har ein viktig eigenverdi og kan ikkje reduserast til middel for å nå andre mål. Såleis står den enkelte sine opplevingar og utvikling i sentrum. Kulturaktivitet og kulturoppleving er òg ein berebjelke for lokal og regional identitet, trivsel og utvikling. Kultur er viktig for å skape attraktive lokalsamfunn for næringsutvikling og verdiskaping. Den har derfor meirverdi knytt til trivsel, bulyst, folkehelse, omdømmebygging, rekruttering, kompetanse, innovasjon og nyskaping».*

Kulturavdelinga har fokus på og ansvar for: Barne- og ungdomsarbeid, frivilligheita, idrett og friluftsliv, folkebibliotek, kino, kulturhus, kulturvern, bygdebok, museum og fordeling av verkemidlar innanfor kulturområdet m.m.

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2017

- Utgiving av bygdebok for Surnadal, band 2.
 - Band 2, Brøskja – Søyset/Mo. - Oppstart av band 3.
- Fleire dagtidsaktivitetar på kulturhuset
 - Kultureininga ønskjer å auke bruken av tilboda på kulturhuset enda meir, og ser for seg eit tilbod på biblioteket med fleire uformelle møteplassar, og å bruke fleire områder på kulturhuset til andre typar arrangement enn det som til no blir brukta som formidlingsarena.
- Tursti med kopi av Kavlevegen på Eide
 - med utgangspunkt frå Åsen Bygdemuseum.
- Meir ope bibliotek



- Investering i utstyr som kan gi eit til dels sjølvbetent bibliotek på kveldstid.
- Kulturhus og kino tilbod
 - Innkjøp av marknadsføringsskjermer og billettautomatar.

Vurdering

1. Utgiving av bygdebok for Surnadal, band 2.: Band to av bygdebøker for Surnadal; Brøskja – Kvanne vart gjeve ut på desember, neste band i serien er under arbeid.
2. Fleire dagtidsaktivitetar på kulturhuset: Vi har Småbarnstreff, og det er danna ein dataklubb for eldre som møtes ein gong i veka på biblioteket. I Svorkasalen er det kvar veke fredagskafe for eldre. Vi har dagforestillingar på kinoen, når repertoaret tilseier at det er noko «dagpublikumet» ønskjer. Det er seniordans (på hotellet). I Haust har vi starta med onsdagstreff ein gong i månaden, gjennom den kulturelle spaserstokken. Så dagaktivitetane på kulturhuset har auka.
3. Tursti med kopi av Kavlevegen på Eide: Pågåande arbeid – ferdig forprosjektering i 2017
4. Meir ope bibliotek: Investering i utstyr som kan gi eit til dels sjølvbetent bibliotek på kveldstid, her vart det ikkje tildelt midlar på investeringsbudsjettet, så dette er ikkje gjennomført.
5. Kulturhus og kino tilbod: Automat innkjøpt og er plassert i foajeen, billettsystemet fungerer også godt med ein APP. Innkjøp av marknadsføringsskjermer: vi har ikkje prioritert innkjøp av marknadsføringsskjermer, da det ikkje var sett av midlar til det.

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

1. Ny «heim» og drift av til Fritidsklubben
2. Frivilligsentral sett i samanheng med fritidsklubben
3. Utvikling av Svinvik Arboret, både med nytt stisystem og formidlingsrom (påbygg).

Vurdering

1. Det er i januar 2018 sett ned ei arbeidsgruppe med to representantar frå ungdomsrådet for å sjå korleis vi kan løyse dette.
2. Dette prosjektet ligg førebels på is – avheng av kvar fritidsklubben får si plassering.
3. Dette prosjektet ligg litt inn i framtida, ettersom vi per no har fokus på Kavlvegen.

Utfordringar

Kultureininga er med på å stimulere til merking, utbygging og anna kulturaktivitet, men for å få til dette treng vi mulegheit til å gi ut midlar (tilskot) til lag og organisasjonar. Kulturmidlar til lag og organisasjonar er halvert dei siste åra!



- Fritidsklubben, manglar hus og lønnsmidlar til drift i 2017. – Ikkje satt av midlar til drift i 2018, men arbeider med å finne løysning og håper på å få tilført midlar i 2019.
- Ikkje kveldsope bibliotek. – har endra opningstida, stengt på dagtid ein dag ope til 18 to kveldar i veka – og ope nokre timar på laurdag
- Planarbeid
 - Kulturplan, inkludert ei kulturbryggplan vart vedteke på november i 2017.
 - Hovudrullering av plan for idrett og friluftsliv – håper vi kan vere klar til høyringsrunde i starten av 2017. – planlagt utlagt til høyring på mars 2018
 - Kulturminneplan, pålegg frå Riksantikvaren. – Planlagt folkemøte i april 2018

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
Kultur	6 791	6 188	603	6 531

Kultureininga er til ein viss grad inntektsbasert og om vi klare å halde oss til budsjettet når det gjeld kostnader, betyr det nødvendigvis ikkje at vi alltid greier å nå dei økonomiske måla når det gjeld inntekter. Slik vart det i 2017. Det var eit dårlig kinoår i heile Norge, det påverkar vårt lokale publikum noko som igjen førte til om lag 400 000 mindre i billettinntekter på kino.

Når det gjeld bygdebok fekk vi ei svikt i inntektene som vi trudde bok 1 skulle bidra med i løpet av 2017. Men når bok 2 kom så tok salet av og vi fekk inn neste like mykje på ein månad i desember 2017, som vi hadde gjort frå juni til desember i 2016. Det vi ser er at salet av første bok, tok seg opp når andre bok kom. Dei fleste prosjekta innanfor kulturområdet (og elles) er slik at den økonomiske vinsten kjem over tid, vi ser at bygdebokprosjektet ikkje er eit unntak i så måte. Med tanke på at mange av dei gamle bøkene no er utselt, så er det den forventinga vi har på dei nye bøkene òg, over tid.

Rådmannen si vurdering

Ferdigstilling av planarbeidet vart forseinka både på grunn av sjukdom og av skifte av representantar i utvalet. Ein tar sikte på at Plan for Idrett, fysisk aktivitet og Friluftsliv vert ferdig tidleg i 2018. Planlegging av nye lokale for ungdomsklubb er i gang og det er sett ned ei gruppe med representantar frå ungdomsrådet. Kultureininga arbeider godt og leverer gode tenester til innbyggerane, men er likevel sårbar med begrensa ressursar økonomisk og personalmessig. Avtalen med hotellet som resepsjon både for hotell og kulturhus er framleis under forhandling.

Arbeidet med å få laga «Kavelvegen» er eit spennande prosjekt som kan gje auka attraktivitet og trivsel for både bufaste og hyttefolk.



6 Oppvekst

6.1 Midtigrenda barnehage

Aktivitet

Stor auke i barnetalet, spesielt dei yngste barna. Midlertidig drift i brakker oppretta sommaren 2017. Det er utfordrande å ta imot så mange barn å venteliste utover heile året. Auken i bemanninga ut ifrå at vi har oppretta ny avdeling i brakker. Organisering av barnegruppene både på storbarn og småbarn har vore i fokus.

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2017:

Tiltak 1) IKT:

- IKT-gruppa innad på bhg. skal arbeide for å finne gode verkty i læringsarbeidet inn mot barnegruppene/aldersinndeling.
- Innkjøp/utskifting av nye pc'er, mobiltelefoner og evt. innkjøp av fleire I-pader.

Tiltak 2) Sosial kompetanse:

- Vi arbeider med områda innan empati, prososial læring, sjølvkontroll og empati.
- Fokus på vennskap og livsmestring.

Tiltak 3) Entreprenørskap:

- Finne gode arb.former for kreativ tenking, opplevelse av trivsel, livsmestring, samarbeid og medvirkning i kvardagen til barna i bhg.

Tiltak 3) Kompetanseutvikling/pedaogisk arbeid:

- Foreldreveileding og evt. ansatteveiledning ifht. programmet ICDP –tverrfagleg.
- Implementering av ny rammeplan, frå hausten-17. Påfyll på personalmøter.

Sjukefråvær:

- Arbeide godt med oppfølging, tilrettelegging og avklaring.

Vurdering

IKT-Barnehageløftet:

Vi har hatt berre 1 møte hausten-17 ang. IKT-gruppa. Dette har vore vanskeleg å prioritere i ei hektisk tilvenningstid, både vår og haust.

- Noko innkjøp av pc og mobiltelefoner er gjennomført.

Sosial kompetanse:

- Det har vore arbeidd godt med sosial kompetanselæring inn mot alle barnegrupper. Framtidas oppvekst mtp. korleis vi skal legge til rette for god utvikling hos barn, har vi brukt noko tid på, spesielt våren-17 i samarbeid med oppvekstsektoren.



Entreprenørskapstenking:

-Vi har arbeidd ila. heile året med idear og tankar som har vore utprøvd i barnegruppene. Det har vore små og større prosjekt spesielt inn mot dei største barna.

Kompetanseutvikling/pedagogisk arbeid:

-Vi har kome godt i gong med foreldreveiledninga ICDP, både vår og haust-17. Utprøving av ansatteveileding etter same mal vil bli utprøvd framover.

Sjukefråvær:

-Det har vore arbeidd godt med oppfølging og avklaring av personalet i samarbeid med personal -og kompetanse. Dessverre ein auke i sjukefråværet hausten-17.

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- Auka IKT-kompetanse i personalgruppa, innføring av nye verkty.
- Pedagognormen skal aukast frå 1.8.18, noko som gjer at vi må sjå på dette når det gjeld nye tilsettingar framover.
- Arbeide med implementering av ny rammeplan som tredde i kraft 1.8.17.
- Finne ut kva som skjer med bhg.plasser i Surnadal kommune, og behovet for å utvide småbarnsplasser også i Midtigrenda barnehage. (Midlertidig drift i brakkene kun godkjent for 2 år –(2017/18 og 2018/19)).
- Fortsatt stort fokus på oppfølging av sjukefråvær, god grunnbemannning!
- Fortsette med foreldreveileiding og ansatteveileining ICDP, etablere det godt i Surnadal kommune slik at det blir gjennomført jämleg. God gevinst!
- Ønskje om meir ressursar til barn med spesielle behov.
- Framtidas barnehage/oppvekst: framover finne gode pedagogiske arb.måter for å gje barna det dei treng for å møte framtida.

Vurdering

-Desse langsiktige måla gjeld i høyeste grad fram til 2020.

-Økonomiske utfordringar ligg mot oppfølginga av sjukefråvær, ny pedagognorm, god nok grunnbemannning og ikkje minst utvikling av fleire barnehageplassar. Ramma tilseier at ikkje alt er gjennomførtbart utan fleire midlar.

Utfordringar

Nye barnehageplasser:

Utviking av barnehageplasser, særleg dei yngste barna. Etablert brakker for å ta unna ventelistene. Vi ser at når alle som har stått på venteliste har fått plass, blir dei fysiske areala for små i brakkene, mtp. garderobe, plass til oppbevaring, soveplasser og leikeareal. Leie av brakker er kostnadskrevjande og det er berre godkjent for midlertidig drift. Det må snarleg takast avgjersler på kva som skjer med vidare drift/etablering. Når det er så mange på venteliste, blir den opprinnelege småbarnavdelinga vår også fylt til randen, då det er her



det er best tilrettelagt fysisk for dei yngste barna. (Stellerom, leikeareal, soverom, vognplass osv.)

-Barn med spesielle behov: får for lite spesialpedagogisk hjelp, det blir så godt som muleg gjennomført med bemanninga vi allereie har.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
Midtigrenda barnehage	8 010	7 409	601	7 086

Vurdering

Stort meirforbruk i forhold til lønn og etableringa av brakkene/ny småbarnsavd. Fleire tilsette, tilrettelegging av fysiske areal ute/inne. Lønn i permisjon til student bhg.lærar deltid. Sjukefråværet auka utover hausten 2017.

6.2 Øye og Skei barnehagar

Det har vore mangel på småbarnsplassar i sentrum. Difor har vi flytta opp småbarn på storbarnsavdeling tidlegare enn før for å frigjere småbarnsplassar. Dette har vore mogleg gjennom forståelse for problemet, fleksibilitet, kreativitet og stå-på-vilje hos personalet i eininga.

Handlingsprogram

Dette ville vi oppnå i 2017

- **Tiltak – Ikt**
 - Skifte ut gamle pc'er.
 - Kjøpe inn flere ipad'er. På sikt skal vi ha ei dekning på 1 til 4 i barnehagen.
- **Tiltak sosial kompetanse**
 - Førebygging av mobbing.
 - Vi arbeider med å auke ferdighetene innanfor område som prososial atferd, sjølvhevding, sjølvkontroll og empati.
- **Tiltak pedagogisk utviklingsarbeid.**
 - Vi arbeider med å styrke entreprenørskapsterkinga i barnehagen.
 - Fortsette å auke kvaliteten i det ordinære barnehagetilbodet.



- **Tiltak kompetanseutvikling**

- I samarbeid med Barnevernet og PPT skal vi i gang med Tverrfaglig blikk. Eit prosjekt som tek sikte på auke kvaliteten på barnehagetilbodet gjennom at ulike fagpersonar kjem ut i barnehagen og observerar enkeltbarn, grupper og struktur.
- I tillegg legg vi opp til ein god del kompetanseutvikling i eigen regi, gjennom å ta opp ulike tema med utgangspunkt i planverket vårt.

- **Personal og økonomi**

- Vi ønsker å redusere sjukefråværet.
- Vi ønsker å halde drifta innanfor tildelt økonomisk ramme.

Vurdering

- **Tiltak – Ikt**

- Vi rullerer pc`ar etter behov.
- Vi har ikkje klart å kome opp på eit dekningstal på 1 til 4 når det gjeld tal på ipads.

- **Tiltak sosial kompetanse**

- Forebygging av mobbing har vi arbeidd med gjennom heile året. Delmål i høve dette arbeidet er nedsatt i våre planar
- Vi har arbeidd med å auke ferdighetene innanfor område som prososial atferd, sjølvhevdning, sjølvkontroll og empati. Dette er delmål som er felt ned i planane våre.

- **Tiltak pedagogisk utviklingsarbeid.**

- Vi har fokus på å dyrke fram dei entreprenørielle ferdighetene hos barna. Kreativitet, samarbeid, medverknad, mestring er viktige stikkord. Dette har vi tatt konsekvensane av i planane våre
- Vi fortsetter å auke kvaliteten i det ordinære barnehagetilbodet gjennom kompetanseheving, nytenking, refleksjon, bevisstgjering i eininga vår. Vi er ein aktiv part i prosjektet «Saman skapar vi framtida». Her har vi kjørt gode prosessar i eiga eining.

- **Tiltak kompetanseutvikling**

- I samarbeid med Barnevernet og PPT hadde vi planar med å kome i gang med Tverrfaglig blikk i 2017. Dette prosjektet vart flytta til 1. halvår av 2018 grunna prioriteringar hos PPT.
- Hausten 2017 starta vi med eit stort arbeid: implementering av ny rammeplan. Dette arbeidet har vi kome godt igang med. Vi bruker tid på personalmøter og andre møter til å diskutere, reflektere og sjå på kva dette faktisk betyr for vår praksis.

- **Personal og økonomi**

- Vi har ikkje klart å redusere sjukefråværet noko særleg. Det er langtidsfråværet som er for høgt. Vi ligg på rundt 9 % mens vi har som mål å kome ned på 7 %.
- Rekneskapen for 2017 viser eit meirforbruk på 225 tusen. Dette skuldast i hovudsak meirutgifter i høve sjukefråvær.



Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- Tiltak – Eit sjukefråvær ned på våre eigne måltal i løpet av perioden
- Tiltak – Få spesialpedagogisk kompetanse inn i personalgruppa eller knytt til gruppa

Vurdering

- Sjukefråværet er noko vi stadig arbeider med. I løpet av perioden er må vi evaluere den gamle plana for sjukefråværarbeidet og lage ny. Her må ein vurdere nærværstiltak, oppfølging, tilrettelegging for sjukemeldte. Vi har ikkje rom for å gjere nokon økonomiske disponeringar i høve reduksjon av sjukefråværet.
- Vi har eit ønske om å få spesialpedagogisk kompetanse inn i personalgruppa. Vi har pr i dag ikkje rom for å tilsette nokon med fagkompetansen. Vi må prøve å arbeide for å rekruttere nokon frå eiga eining til å ta etterutdanning.

Utfordringar

Utfordringane vi skisserte i økonomiplana 2017 var

- Vi har eit for høgt sjukefråvær. Dette gjeld fortsatt.
- Vi har for få ressursar til barn med spesielle behov. Dette gjeld fortsatt.
- Avdeling Nistuå på Skei bhg er nedslitt og treng oppgradering. Det siste punktet har stått på dagsordenen i fleire år og det blir verre og verre for kvart år.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
Øye og Skei barnehagar	11 560	11 335	225	11 386

6.3 Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

Aktivitet

- Har teke i bruk digital meldingsbok.
- Oppvekstsenteret har eiga side på Office 365 som er delt med foreldra.
- Elevane får vekeplanar digitalt, papir blir berre utlevert ved eigne avtalar.
- Vi har hatt to store framsyningar for foreldre og føresette på skulen.



- 5. trinn har hatt overnattingstur i telt sist vinter.

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2017

- IKT: PC`ar/nettbrett 1-1 frå 4. trinn, treng 16 nye PC`ar.
- Sosial kompetanse: Stort fokus på godt læringsmiljø i dagleg arbeid og i elevrådet. 1. trinn har eige vekentleg program tilpassa frå *steg for steg* og *Zero*.
- Pedagogisk utviklingsarbeid: Halde fram med utviklingsarbeid der vi kombinerer vurdering for læring og digital kompetanse.
- Kompetanseutvikling: Ingen lærarar på vidareutdanning i år. Ein lærar tek nettstudie «smart læring» ved NTNU.
- Personal og økonomi: Behalde kompetent personale, Oppretthalde eller auke lærartettleiken

Vurdering

- IKT: Vi har nådd målet med full dekning av PC`ar på frå 4. trinn.
- Sosial kompetanse: Vi har fokus på læringsmiljø i det daglege og i elevrådet. Dette blei enda sterkare i samband med nye §9a.
1. og 2. trinn bruker kvar veke eit tilpassa program frå *steg for steg* og *Zero* i arbeidet med læringsmiljø.
- Pedagogisk utviklingsarbeid: Vi har ikkje lykkast i å halde så stort trykk på det pedagogiske utviklingsarbeidet som vi ønska, dels grunna mykje fråvær.
- Kompetanseutvikling: Ein lærar har fullført nettstudie «smart læring» ved NTNU.
- Personal og økonomi: Vi har klart å behalde kompetent personale, i skulen har alle lærarane godkjend utdanning.

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- Behalde kompetent personale, lærartethet og det gode samarbeidet mellom lærarar og barnehage/skule.
- IKT: Prioritere innkjøp/ oppdatering/ vedlikehald av IKT-utstyr for elevar og tilsette.
- Stort fokus på godt læringsmiljø i dagleg arbeid. Forankra i nye lovkrav i §9a.
- Utvide det digitale samarbeidet mellom skule/elevar og heimane. (minst muleg ranselpost)



Vurdering

- Grunna auke i barnetal i barnehagane har vi tilsett meir personale. I Bæverfjord barnehage har vi utvida med meir pedagogisk leiar. I Bøfjorden barnehagen har vi auka grunnbemanningsa. Samarbeidet mellom avdelingane er god. Denne bemanningsa er ikkje med i budsjettet.
- Vi må fortsette å prioritere IKT-utstyr, både i barnehagane og i skulen. Det er sett av midlar for IKT, men det er ikkje tilstrekkeleg nok.
- Vi arbeider kontinuerleg med å ivareta eit godt læringsmiljø, både i barnehagane og i skulen.
- Vi arbeider heile tida med å utvide det digitale samarbeidet. Alle tilsette med oss har no tilgang til Office 365, noko som over tid bidreg til enklare digitalt samarbeid med heimane.

Utfordringar

- Vi har fortsatt auke i barnetalet i barnehagane. Når opptak og utviding av plass kjem fleire gong i året, må bemanningsa aukas og det blir umogleg å halde budsjettramma. Frå hausten 2018 vil dette bli enda meir krevjande grunna ny minimumsnorm for pedagogisk personale i barnehagane.
- Neste skuleår er vi avhengig av å dele klassegruppene meir, her aukar elevtalet og for å oppnå godt læringsmiljø er vi avhengig av dette.
- Vi har ser at meirforbruket aukar kvart år, dette fordi ramma ikkje er i samsvar med bemanningsa, tross at vi driv både skule og barnehagar med minimum bemanning for å oppretthalde eit godt nok tilbod med godt læringsmiljø. Skal vi unngå dette, må vi slutte med løpende barnehageopptak og ekstra avdeling i Bøfjorden.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter	7 893	6 984	909	7 087



6.4 Mo oppvekstsenter

Aktivitet

- Skulen og barnehagen har byrja å teke i bruk O-365 i større grad
- Nye pc-ar til 6-7 trinn
- Ein lærar har gått av med pensjon.
- Ny lærar i 100% stilling

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2017

- Opplæring av elevar og vaksne innanfor O-365
- Drive aktivt utviklingsarbeid omkring VFL med fokus på elevmedverknad og læringsprosessar(jfr. VFL-«Surnadal skulen 2015-2017).
- Ha eit konstant fokus på læringsmiljø slik at eventuelle læringsmiljøsaker/mobbesaker blir avdekt og handtert så tidlig som råd.

Vurdering

- Både elevar og vaksne har fått opplæring i bruk av O-365, men vi er framleis i startgropa. Vi vil fortsette med intern kursing, samt at vi aktivt brukar verktøyet i kvardagen.
- Skulen kan framleis bli betre på elevmedveknad og definere korleis ein skal drive med elevmedverknad i praksis. Barnehagen arbeider tverrfagleg med tema og har barna med i planleggingsfasen i forkant. Eigeskap til tema ser vi bidreg til utviklande og aktive læringsprosessar.
- Vi har stort fokus på kap. 9a og ønskjer at alle elevar og barn skal trivast og ha det bra. Vi har tett samarbeid med foreldre i mobbesaker, samt rutinar på korleis vi skal følgje opp jf. mobbeplan både i barnehagen og i skulen.

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- IKT: Fortsett med fokus på å utvikle bruken av O-365 (undervisning, retta mot foreldre og som ein felles portal til deling og samskriving i personalet ol) Kjøpe inn pc-ar til 5. trinn. slik at 7-5 trinn har eigne pc-ar i skuletida. Kjøpe nødvendig ikt utstyr til pedagogisk bruk i barnehage og skule, samt at utstyret vi har fungerer optimalt til ei kvar tid.
- VFL: arbeide med å få ei plan for korleis vi jobbar i praksis med dette området i skulen.



- Kap 9a: vi forsett å ha fokus på godt og trygt læringsmiljø for alle i både barnehage og skule. Vi vil ha ein Workshop ilag med føresette og elevar/forskulebarn vår 2018. Der vi utarbeider nokre retningslinjer saman for korleis vi vil ha det på Mo.
- Kompetanseheving: Vi vil ha tilsettegruppe kveldar i ICDP, leda av sertifiserte veiledarar, Britt Løfald og Kari Hamnes. Formålet er at dei tilsette skal bli betre på elev/barn- relasjon. Kompetanseheving i regi DMMH for BUA i barnehage og skule.
- Fysiske miljø: Vi vil betre uteområde som skule og barnehage har felles i eit tett samarbeid med FAU. Vi vil betre læringsmiljøet i klasseromma.
- Planverk: Vi vil utarbeide ei felles plan for verksemda. Fortsette med implementering av ny rammeplan i barnehagen.

Vurdering

IKT: det er avsett pengar i budsjettet til innkjøp av nødvendig ikt utstyr både i barnehage og skule . Vi kjem kvar år til å prioritere dette i budsjettet.

Fysiske miljø ute: Vi vil prioritere uteområde

Grunna plassering av barn i andre kommunar, har eininga kome ut med eit meirforbruk i 2017. Dette har vore varsle gjennom tertialrapportane i 2017.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
Mo oppvekstsenter	7 565	6 751	814	7 169



6.5 Todalen og Stangvik oppvekstsenter

Aktivitet

- Har teke i bruk digital meldingsbok
- Forsøk på infosider på O365 for skulane
- Bruka mykje utviklingstid på IKT-arbeid og læringsmiljøet
- Samarbeid mellom skulane når det gjeld svømmeundervisninga
- Omdisponering av personalet frå barnhagane til skulane
- Samarbeid med mellom Todalen sanitetsforening og Todalen skule om leseprosjektet Lesevenn

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2017

- IKT: Innkjøp av Smart board ved Stangvik skule samt auke talet på PC'ar ved Todalen skule med 10 stk. (dvs 1-1 frå og med 5. trinn) og skjerm til å koble til i'padar og datamaskiner (for bruk i samlingsstunder) ved Stangvik barnehage.
- Sosial kompetanse: Barnehagane vil fortsette sitt systematiske arbeid med Kari Lamer sine mål for sosiale ferdigheter. Ved alle fire avdelingane vil ein fortsatt arbeide aktivt med førebygging av mobbing.
- Pedagogisk utviklingsarbeid: Alle lærarane ved Stangvik er med på Smart Læring undervisning (MOOC) organisert av NTNU. Alle fire avdelingane er med på framtidsbildeskapinga.
- Kompetanseutvikling: Ein lærar ved Todalen skule tek vidareutdanning i Kunst og Handverk. Ved Stangvik barnehage vil ein fortsette arbeidet med Fleirfagleg blikk.
- Personal og økonomi: Om økonomien gjev rom for det vil vi oppretthalde den bemanningsnorma som kommunen legg opp til i barnehagane, samt å kunne behalde det kompetente personalet som er i skulane samt rekruttere nytt personale i dei faga vi treng.

Vurdering

- IKT: Dei ønska innkjøp er gjennomført. Dei 10 nye PC'ane blei fordelt mellom skulane. Det er no 1-1 for 5.-7. trinn ved begge skulane.
- Sosial kompetanse: Læringsmiljøet med fokus på dei nye forskriftene i 9A er tatt opp på foreldremøter. Barnehagane arbeider kontinuerleg med sosiale- og språklege ferdigheter. Blant anna blir verktyet Grøne og raude tankar bruka.
- Pedagogisk utviklingsarbeid: Tre av lærarane tok eksamen etter Smart Læring undervisninga. Arbeider kontinuerleg med framtidsbildeskapinga.
- Kompetanseutvikling: To lærarar ved Todalen skule (kunst og handverk og spes.ped.) og ein ved Stangvik skule (engelsk) har i løpet av 2017 teke



vidareutdanning. Arbeidet med Fleirfagleg blikk er kome godt i gang og ein planlegg å fortsette med det.

- Personal og økonomi: Økonomien er ei stor utfordring for oss. Den økonomiske ramma har ikkje vore i samsvar med den bemanninga vi må ha for å oppretthalde den kvaliteten vi ønskjer.

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- Fortsatt satsing på IKT gjennom å prioritere godt IKT-utstyr til tilsette og barn, og at kommunikasjonen mellom heim-skule blir meir digital.
- Ved alle fire avdelingane vil ein fortsatt arbeide aktivt for eit godt skule- og barnehagemiljø der ein har fokus på dei nye lovkrava i §9A.
- Vi vil ha god kvalitet i barnehage og skule. Dette forutsett kompetent og nok personale.

Vurdering

- Satsinga på IKT gjennom å prioritere godt IKT-utstyr til tilsette og barn må fortsette. Dette er ei utfordring når den økonomiske ramma er trøng. Det er sett av midlar til noko IKT-utstyr, men ein skulle sjølv sagt ønska at ein kunne ha prioritert dette endå meir.
- Vi må ein heile tida ha eit stort fokus på arbeidet med eit godt skule- og barnehagemiljø.
- Vi har eit godt og kompetent personale ved Todalen og Stangvik Oppvekstsenter. Nye lovkrav ved skule og barnehage gjer at vi heile tida må sjå til at vi har god og nok kompetanse ved alle avdelingane. Dette vil gje ein god kvalitet i barnehagane og skulane.

Utfordringar

- Stor auke i barnetalet ved Stangvik barnehage dei siste åra vil no gje eit auka elevtal ved skulen.
- Økonomiske rammer til å møte dei utfordringane dette gjev i skulen.

Ved Stangvik skule ser vi at ein må bruke meir av arealet oppe til klasserom (delingsrom). Skal vi få ein god og funksjonell skule framover må det settast opp veggar slik at ein får meir avskjerma klasserom.

Elevane (og vaksne) har sidan Stangvik skule blei renoverert ytra eit strekt ønske om ein akebakke ved skulen. Vi håper at det i samband med utbygginga av ny busslomme ved Melhuskrysset kan bli gjennomført til glede for borna både ved skulen og barnehagen.



Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
Todalen og Stangvik oppvekstsenter	17 142	16 393	749	16 799

6.6 Øye skule

Aktivitet

- God drift og brei fagleg kompetanse i heile kollegiet
- Brei satsing på «Tidleg innsats», styrking av lærarressurs og spesped. Ressurs på 1.-4. trinn.
- Oppgradering av uteområdet vårt

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2017

- PCár/ nettbrett 1-1 på 6. og 7. tr.
- Halde vedlike IKT-parken

Vurdering

- I tillegg til at vi har fått PCár til alle på 6. og 7. trinn, har vi også kjøpt inn nettbrett til alle elevane på 1. trinn og PCár til alle på 5. trinn
- Vi har skifta ut ein del utstyr slik at IKT-parken er godt rusta for 2018

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- Arbeide for at den nye barne- og ungdomsskulen blir ein god skule for alle elevar og tilsette
- Oppretthalde og utvikle det gode arbeidet som blir gjort på Øye skule i dag

Vurdering

Vi satsar på at vi no får eit politisk vedtak som gjer at vi kan starte byggeprosessen av den nye skulen, og at vi får ein funksjonell og god skule for alle brukarane

- P.g.a. den økonomiske situasjonen vil det vere vanskeleg å ha så tung satsing på tidleg innsats på 1.-4. trinn, som vi har hatt det siste året. Elles blir det gjort eit godt og solid arbeid av alle tilsette



Utfordringar

- Vi har framleis store klassar, 8 klassar med over 20 elevar. Nokre av klassane blir store p.g.a. språkdelinga
- Prosessen med å bestemme kva for byggeprosjekt som skal veljast for nyskulen, har vorte ein lang og krevjande prosess

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
Øye skule	28 590	28 528	-62	27 784

6.7 Surnadal ungdomsskule

Aktivitet

Skuleåret 2016/17 var det totalt 210 elevar ved ungdomsskulen. Frå og med hausten 2017 er dette talet 193.

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2017

IKT

Følge opp strategien med eigen PC på 8. trinn, og full 1-1 på alle trinn frå og med 2017. Prioritere oppdatering/ vedlikehald av IKT-utstyr for elevar og tilsette.

- **Sosial kompetanse**

Satsinga på MOT er ein viktig del av arbeidet for godt læringsmiljø på SUS, og må halde fram.

- **Pedagogisk utviklingsarbeid**

Halde fram med systematisk utviklingsarbeid basert på aksjonslæring. For skuleåret 2016/17 er satsingsområdet grunnleggande leseevne i alle fag.



- **Kompetanseutvikling**

Halde fram med oppfølginga av kompetansehevingsplanen, med basisfaga som førsteprioritet. To lærarar på vidareutdanning.

- **Personal og økonomi**

Oppretthalde vaksentettleiken

Vurdering

- **IKT**

Går etter planen, full 1-1 dekking på alle trinn.

- **Sosial kompetanse**

Fortsatt satsing på MOT.

- **Pedagogisk utviklingsarbeid**

Satsingsområdet «leseevne i alle fag» er nå utvida til å omfatte *skriving* i tillegg.

- **Kompetanseutvikling**

To nye lærarar på vidareutdanning.

- **Personal og økonomi**

Stabil vaksentettleik.

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- Arbeide for at tilhøva for ungdomsskuletrinna blir ivareteke best mogleg i samband med evt. ny barne- og ungdomsskule på Øye skuleområde.

Vurdering

Alle tilknytta SUS deltek aktivt i brukarmedverknadsprosessane.

Utfordringar

2017-2020:

«At prosessen fram mot Nye Øye skuleområde blir best mogleg.

At tilpassing til endra elevtal ikkje går ut over kvaliteten på innhalDET i skulen.»

Hausten 2018 begynner det ca. 55 elevar i nye 8. trinn. Dette er godt under grensa på 60, som har vore sett i høve 3- eller 2-deling av trinn. Det vil seie at nye 8. trinn frå hausten blir to-



delt. Saman med reduksjon av opprinnelige budsjett for 2018 med 500', vil dette få konsekvensar for bemanninga ved skulen.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
Surnadal ungdomsskule	23 271	23 550	- 278	23 356

6.8 Vaksenopplæring og integrering

Aktivitet

I 2017 busette Surnadal kommune 17 flyktningar. 11 av desse blei busett etter avtale med IMDi og seks kom via familieinnvandring. Ved slutten av året er 90 flyktningar busett i kommunen. Våren 2017 gjennomførte åtte deltagarar grunnskuleeksamen og 14 norskprøven ved vaksenopplæringa. Det gjennomsnittlege talet på deltagarar i introduksjonsprogrammet gjennom året var om lag 50. 14 personar avslutta programmet i 2017. Elevtalet ved vaksenopplæringa har gjennom året ligge på om lag 60 personar.

2018 Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2017

- Gje dei busette flyktningane tilbod om eit målretta og individuelt tilpassa introduksjonsprogram
- Busette det talet på flyktningar som kommunestyret har gjort vedtak om
- Sikre at flyktningane får godt tilpassa opplæring i norsk, samfunnskunnskap og grunnskulefag
- Betre integreringsarbeidet gjennom å vidareutvikle samarbeidet med dei frivillige organisasjonane.
- Sørge for at flyktningarbeidet får ei klårare oppgåvefordeling mellom dei kommunale einingane.

Vurdering

Når det gjeld dei første tre punkta i handlingsplana, er eininga godt i rute, men vi må arbeide vidare med å tilpasse programmet i enda større grad mot den enkeltes mål og føresetnader.



Når det gjeld punkt nummer fire og fem står det framleis at ein del arbeid før ein kan seie seg nøgd. Men arbeidet er godt gjenge og det er all grunn til å tru at eininga vil ta eit nytt steg mot å nå målsetningane i 2018

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- Tilby dei flyktingane som blir busett i kommunen og som er i målgruppa for introduksjonsordninga eit godt og målretta kvalifiseringsløp som er i tråd med dei krav som introduksjonslova sett. Dette gjeld anten dei vel å gjennomføra grunnskuleopplæring eller praktisk norsk der arbeidspraksis/språkpraksis er ein del av kvalifiseringsløpet.
- Tilby framandspråklege som busett seg i kommunen grunnleggande norskopplæring.
- Skape god samarbeidsrelasjonar med dei frivillige organisasjonane.
- Minst 80 % av dei som avsluttar introduksjonsprogrammet skal over i aktive tiltak innan eit år etter avslutta program.
- Arbeide for at flyktingar og innvandrarar blir ein naturleg brukargruppe av dei offentlege tenestene i kommunen.

Vurdering

Eininga har fått på plass eit introduksjonsprogram og grunnleggjande norskopplæring som er godt i takt med dei krava som lovverket sett.

Samarbeidet med dei frivillige organisasjonane fungerer etter måten bra, men vi har enno ein veg å gå før alt er slik vi helst ønskjer.

Når det gjeld målesettinga om at 80% prosent av deltakarane i introduksjonsprogrammet skal vere i aktive tiltak eit år etter avslutta program vil dette vere eit viktig mål for oss også i åra som kjem. Med god hjelp frå Nav og lokalt arbeidsliv, meiner vi dette målet absolutt bør vere oppnåeleg.

Vi ser ein klår framgang i høve til at flyktingane etter kvart blir meir sjølvstendige brukarar av det offentlege tenestene som finns i kommunen.

Utfordringar

Den største utfordringa for eininga er dei usikre framtidsutsiktene. I dei siste åra har talet på personar som kjem til Noreg for å søkje asyl vorte kraftig redusert. Tal som illustrere dette er at i 2015 kom over 30 000 asylsøkjarar til Noreg. 2017 var talet redusert til ein tidel (om lag 3000). Dette fører med seg at det behovet som styresmaktene i neste hand har for å busette flyktingar ute i kommunane blir tilsvarende redusert. For Surnadal har dette så langt ikkje fått verknader på kommunen sitt flyktingarbeid. Dette skuldast i første hand at vi har



busett eit relativt høgt tal på personar som har kome som eit resultat av familieinnvandring. I tida framover er det, slik det ser ut i dag, all grunn til å tru at verknaden av få asylsøkjarar vil slå inn også for vår kommune. Dette vil føre med seg at dei statlege tilskota vil bli redusert og at eininga i tak med det må redusere aktiviteten. Når- og kor mykje aktiviteten må reduserast er uråd å seie i skrivande stund. Styrande for dette vil vere internasjonale tilhøve i tillegg til nasjonale og lokale politiske føringer.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
Vaksenopplæring og integrering	15 660	15 323	337	15 886

Rådmannen si vurdering:

2017 var eit krevjande økonomisk år innafor oppvekstsektoren, særleg innafor barnehage. Det var i 2015 født 52 barn, og i 2016 59 barn i Surnadal kommune. Sommaren 2017 var dette talet auke med 17 fleire barn fødde i 2015 og 2016 busett i Surnadal. Dette tilsvrarar eit auka behov for barnehageplassar med om lag **4 nye småbarnsavdelingar**. Gjennom utvidingar i dei fleste barnehagane, og ei og ei halv ekstra avdeling i Midtgrenda, har ein greidd å gjennomføre løpende opptak og gjeve eit tilbod til alle som har søkt barnehageplass. Desse utvidingane har ført til at alle einingane med barnehagar ikkje har lukkast med å halde seg innanfor rammene sine.

For skulane har det vore mykje arbeid kring nytt kapitel 9A – Elevane sitt psykiske og fysiske skolemiljø. Saman med PPT har det vore gjennomført kompetanseheving og nye rutinar for førebygging, avdekking og handtering av krenkjande åtferd.

Vaksenopplæring og integrering sitt arbeid med buseetting har fått positiv merksemd nasjonalt for god oppfølging og at så mange av dei busette er i gang med vidare skulegang eller er i arbeid. Det kan sjå ut til at vi må bygge ned dette tilbodet enda meir i åra framover.

Ny skule på Øye skuleområde har vore ei stor og tung sak også i 2017. Mange har vore engasjerte og delteke i ulike prosessar for å kome fram til eit så bra resultat som mogleg innafor dei rammene kommunestyret har sett.

7 Pleie og omsorg



7.1 Helse og familie

Aktivitet

Helsestasjon 0-5 år

- Arbeider etter Helsedirektoratet sitt standardiserte helsestasjonsprogram
- Fødselsførebuande kurs
- Audiometri



Surnadal helsestasjon



Nye foreldrerettleiarar

Skulehelseteneste 5-20 år

- Skulehelsetenesta har helsefremmande og førebyggande arbeid som hovedoppgåve. Tiltaka er både gruppe- og individretta.
- Tenesta er regulert gjennom helse- og omsorgstenestelova og forkrift av 3. april 2003 om «kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten

Helsestasjon for ungdom (HFU)

- Eit gratis tilbod til unge 13-20 år, der ein kan få rettleiing om prevensjon og seksuell helse, testar for seksuelt overførbare sjukdommar og graviditetstestar
- Rådgjeving ved til dømes spiseforstyrningar, problem heime, eller rusproblem
- Lege og helsesøster/jordmor

Jordmorteneste

- Svangerskaps- fødsel- og barselomsorg
- Følgeteneste for gravide
- Fødselsførebuande kurs

Flyktninghelseteneste



- Samtalar og kartlegging med tanke på tidlegare vaksinering og fullføre vaksinasjonsprogram. Vil spesielt gjelde dei som ikkje har vore innom mottak tidlegare.

Miljøretta helsevern/smittevern

- Tilsyn med ulike bygg, anlegg og tenester etter gjeldande lover og forkritfer for miljøretta helsevern (Interkommunalt)
- Reisevaksinasjon og influensavaksinering
- Smittevernarbeid

Koordinerande eining

- Koordinering av tenester til brukarar med langvarige og samansette behov
- Støttekontaktordning
- Avlastning for funksjonshemma barn og unge
- Saksbehandling

Ergoterapi

- Hjelpemiddeladministrasjon og tilpassing
- Ombygging og tilrettelegging av bustader
- Finmotorisk trening
- Ansvar for TT-søknader (Tilrettelagt transport)

Fysioterapi

- Fysioterapi hos fysioterapeut, på helsestasjon, i heimen, på institusjon eller i skule/barnehage
- Gruppetrening
- Fødselsførebuande kurs

Psykisk helse barm og unge /vaksne

- Psykiatrisk sjukepleieneste-vaksne
- Førebyggingsrådgjevar- barn og unge

Skjenkekонтroll (interkommunalt)

- Tilsyn med sal- og skjenkestader etter alkohollova
- Tilsyn med handheving av røykelova
- Opplæring, administrering, og tilrettelegging av kunnskapsprøven i alkohollova

Legeteneste

- Turnuslege/legevikarar
- Legevakt
- Nødnett og samband
- Fastlegar- tildeling heimlar



Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2017

- Vidareføre prosjekt «God oppvekst» saman med PPT (Pedagogisk-psykologisk kontor) og IK Barnevern
- Rekruttere psykolog, kommuneoverlege og fastlege
- Tverrfagleg arbeid med barn og unge- tidleg innsats
- Implementere plan for folkehelsearbeidet
- Arbeide for å få til eit tilfredsstillande helsestasjonstilbod til busette innvandrarar og nye som kjem
- Arbeide aktivt med kvalitetssikring av tenestene våre.

Vurdering

- «God oppvekst» vart vidareført i 2017, der helsesøstre har delteke i ICDP (foreldrerettleiing) og helsesøstrer, fysiotapeut og forebyggingsrådgjevar har delteke med «Tverrfaglig blikk» saman med PPT og IK barnevern.
- Tverrfagleg arbeid med barn og unge- tidleg innsats. Helsesøstrer deltek i ressursteam på barneskule og ungdomsskule, og tverrfagleg gruppe på Surnadal vidaregåande skole.
- Vi fekk ikkje søkjavar på psykologstilling, men har tilsett spesialpedagog som førebyggingsrådgjevar, med kompetanse innan traumebehandling og kognitiv terapi.
- Tilsetting av fastlegar i ledige heimlar er ein kontinuerleg prosess. I den ledige heimelen har det vore mykje innleie av vikar gjennom vikarbyrå. Når det gjeld kommuneoverlegestilling, blir det jobba for å få på plass ei interkommunal løysing.
- Folkehelsearbeidet vart ikkje vidareført i 2017. Men utdrag av «Oversikt over helsetilstand og påverknadsfakorar 2016» er vedlagt Kommunal planstrategi 2016-2019. Vi har ikkje lengre fokehelsekoordinator, og dette har gått utover folkehelsearbeidet.
- Frå sommaren 2017 fekk vi leigd inn 50% ekstra helsesøsterressurs, som er tenkt vidareført. Dette har gjort at busette innvandrarar og nye som kjem, som ikkje har vore innom mottak før, får samtale og blir kartlagt og følgd opp mht vaksinering.
- Kvalitetssikring av tenestene har fokus gjennom evaluering, brukarundersøking, og kartlegging, som igjen ligg til grunn for planlegging av nye tiltak. Dette gjeld t.d. auka helsesøsterressurs og auka satsing gjennom søknad på midlar til rusarbeid og førebygging barn og unge.
Aktiv bruk av Compilo har vore noko redusert dette året pga ressursmangel og sjukmelding



Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- Ha eit fagleg forsvarleg helsetilbod i samsvar med lover og forkirfter for alle tenesteområda i Helse og familie
- Vidareføre folkehelsearbeidet
- Gi eit godt helsestasjonstilbod til busette innvandrarar og nye som kjem
- Tverrfagleg arbeid med barn og unge- tidleg innsats.

Vurdering

- Vi ser at vi treng å vidareføre ekstra helsesøsterressurs i min. 50% stilling også vidare framover, for å sikre målsettingane med tidleg innsats barn og unge og oppfølging av innvandrarar og nye som kjem. Dette er lagt inn i budsjettet for 2018. Vi greier ikkje å tilby heimebesök av jordmor etter heimkomst, noko som er ei sterkt tilråding. Dette har vi ikkje fått inn i budsjettet. Vi har søkt Helsedirektoratet om midlar for styrking av Helsestasjonstenesta.
- Folkehelsearbeidet er vanskeleg å få prioritert innanfor dei rammene vi har i dag. Folkehelsekoordinatorstilling har ikkje vorte prioritert i budsjettet for 2018-2020.

Utfordringar

- Utfordringane innan helsestasjons- og skulehelsetenesta blir mindre dersom vi no greier å vidareføre ekstra ressurs som vi har lagt inn i budsjettet. Dette gjeld også oppfølging i samband med busetting av flykningar og familiegjenforening.
- Reisevaksinering har vi avvikla, og anbefaler reisvaksinasjonskontor i Trondheim. Dette har gjort at ein kan ha auka satsing på helsestasjons- og skulehelseteneste.
- Barselomsorgen- heimebesök av jordmor blir ikkje gjennomført.
- Kommuneoverlege har vi ikkje fått på plass, men det blir jobba med å få på plass ei interkommunal løysing her. Manglande kommuneoverlege går utover beredskapsfolkehelse- og smittevernarbeidet i kommunen. Når dette er på plass må det inn i budsjettet. Vi hadde ved utgangen av 2017 to ledige fastlegeheimilar, men har frå 1. april 2018 fått fastlege i 1 års vikariat i den eine ledige heimelen. Ein må jobbe vidare med tilsetting i ledig heimel.
- Folkehelsearbeidet vil ikkje bli prioritert, da folkehelsekoordinatorstillinga, partnarksapsavtalen «God helse», og frisklivstilbodet vart nedlagt i samband med budsjettarbeidet 2017.
- Vi har fått tildelt tilskotsmidlar for rusarbeid, 2 stillinger, både retta mot barn og unge i risikosona, og aktivitetstilbod for vaksne i målgruppa. Tiltaka blir igangsett i



2018. Vi ønskjer å vidareføre dette med kommunale midlar etterkvart som tilskotsmidlane blir ned trappa.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
Helse og familie	19 712	21 096	-1 384	19 378

7.2 Sjukeheimen

Aktivitet

Surnadal sjukeheim yter tenester etter «Lov om kommunale helse- og omsorgstenester» m.m.

Sjukeheimen har ved utgangen av 2017 desse tenestene:

- Langtidsavdeling 1: 16 plassar
- Langtidsavdeling 2: 16 plassar
- Kåret, avdeling for demente: 16 plassar. Ved behov for forsterka skjerming må pasienttalet reduserast til 15 plassar.
- Bu- og avlastingsavdeling (BOA): 12 langtidsplassar, 5 korttidsplassar og 1 avlastingsplass
- Obs-post: 2 dobbeltrom og eit rom for palliativ pleie (5 plassar)
- Storkjøkken som produserer mat for sjukeheimen, omsorgsbustadane, heimebuande (levering av mat), skular og barnehagar. I tillegg drift av 2 kantiner.
- Vaskeri

Handlingsprogram

Dette ville vi oppnå i 2017

- Færre tilsette pr. leiar
- Redusere sjukefråværet til under 8%
- Meir medverknad i mulegheitene for tilrettelegging
- Tettare samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta i arbeidsmiljøarbeidet
- Redusere vikarutgiftene med to årsverk
- Fortsette arbeidet med at alle pasientane som ynskjer det, får ein aktivitetsven
- Fortsette arbeidet med fagutvikling med fokus i kompetansesirkelen



Vurdering

Leiarsituasjonen på sjukeheimen var fortsatt slik at ein av oversjukepleiarane har ansvaret for to avdelingar, langtidsavdeling 1 og 2, ved utgangen av 2017. Det har vore ei målsetting for sjukeheimen å auka leiarressursane slik at ein får ein leiar på kvar avdeling.

Sjukeheimen har det siste året satsa enda sterkare på tilrettelegging for tilsette med helsemessige utfordringar for å kunne redusere sjukefråværet. Dette har nok ført til at ein ikkje fullt ut har nådd målsettinga om reduksjon i vikarutgiftene med to årsverk. Ein ynskjer å arbeide ut i frå eit litt lengre perspektiv i desse prosessane og håpar på større reduksjon i sjukefråværet og reduserte vikarutgifter framover.

Ein har fortset samarbeidet med tillitsvalde og vernetenesta gjennom arbeidet i arbeidsmiljøgruppa og elles i dei prosessane der det har vore naturleg å involvera dei.

Det har vore kontakt med frivillige lag og organisasjoner, men det har ikkje lukkast å skaffe nok aktivitetsvenrar for pasientane enno.

Fagutviklinga fortset basert på ønska utviklingsveg og utviklingsbehov nedfelt i kompetansesirkel tilpassa drifta ved sjukeheimen

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

Samarbeide med heimetenesta om ein heilhetleg demensomsorg og utbetre tilbodet for dei som treng forsterka skjerming

- Samarbeide med heimetenesta for å oppnå eit tilstrekkeleg godt tilbod innan helse- og omsorg for dei av innbyggjarane som har behov for våre tenester.
- Samarbeide med tillitsvalde, vernetenesta og dei øvrige tilsette ved sjukeheimen for å fremje verdigrunnlaget vi i fellesskap har utarbeida:
 - Sjå kvart enkelt menneske og dei ressursane den enkelte har
 - Respekt for pasienten
 - Bidra til støttande arbeidsmiljø
 - Lojalitet til felles mål og tiltak
 - Vere utviklingsorientert



Vurdering

Ein fortset arbeidet saman med heimetenesta for å oppnå tilstrekkeleg godt tilbod innan helse- og omsorg for dei av innbyggjarane som har behov for våre tenester. Nedlegging av plassar ved sjukeheimen gjer dette arbeidet enno viktigare. Reduksjon i ramma for sjukeheimen for 2018 inneber stenging av 8 plassar og reduksjon på minst 4,5 årsverk.

Ein har ikkje hatt tilstrekkeleg fokus på heilhetleg demensomsorg og utbetring av tilboden for dei som treng forsterka skjerming. Det kan nemnast at ein dei siste åra har prioritert at fleire tilsette ved Kåret, avdeling for demente, får delta på den årlege Demenskonferansen. Ein har og gjort noko prioriteringar i budsjettet i 2017 slik at pasientar og tilsette ved Kåret kan delta i aktivitetar utanfor sjukeheimen. Dette er og tatt med i budsjett for 2018. Ein håpar at kontinuitet på leiarsida ved sjukeheimen vil føre til meir kontinuitet i utviklingsplanane for ein heilhetleg demensomsorg.

Utfordringar skildra i budsjettet 2017-2020:

- *Ikkje tilstrekkeleg leiarressursar til at det er ein leiar ved kvar avdeling*
- *Høgt sjukefråvær*
- *Lite bruk av velferdsteknologi. Høge kostnadar ved investering i trådlaust nettverk grunna bygningsmessige forhold*
- *Oppretthalde utskiftingsfrekvens på 4-6 pc'ar pr år*
- *Oppretthalde utskiftingsfrekvens opp mot 4 pasientsenger pr år*
- *Behov for oppussing av alle pasientbada på Boa*
- *Behov for oppussing av begge postkjøkkena på langtidsavdelingane*
- *Behov for utbetring av vannlekkasje fleire stadar*
- *Innkjøp av utstyr til sikker forflytningsteknikk, personløftar og ståheis*
- *Vedlikehald av uteareal*

Sjukeheimen ønskjer å vere aktiv innan den teknologiske transformasjonen av tenestene. I slutten av 2017 vart fleire master for mottak av trådlaust nettverk installert. Dette gjer at ein betre kan nytte og foreta nye og framtidsretta investeringar innan velferdsteknologi.

Fire av pasientbada ved Boa er pussa opp. Det er behov for skifte av golvbelegg på dei resterande bada.

Postkjøkkena på langtidsavdelingane vart bestemt utskifta i 2018.

Det vart ikkje innkjøp av senger eller datamaskiner etter investeringsplana, da ein ikkje såg at dette kunne gjerast innan ramma.

Fleire av vasslekkasjane er utbetra.



Det vart innkjøpt nye møblar ved Kåret.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
Sjukeheimen	52 392	51 655	737	49 510

7.3 Bu- og aktivitet

Aktivitet

Eininga gir tenester til brukarar med ulike hjelpebehov, som har eit behov for individuelt tilrettelagte helse- og omsorgstenester til daglege gjeremål i bustad, avlastingsopphald i bustad og ulike formar for aktivitet og arbeid. Brukarane har behov for langvarige og samansette tenester i form av opplæring, trening og rettleiing i å bo sjølv. Det er ei auke i talet på brukarar utanfor bustadane i Bu – og aktivitet som mottar tenester frå eininga i sin eigen bustad.

Ei oversikt over bustadene og aktivitetshuset i eininga:

- Bårdshaugen fellesbustad med tenester overfor 11 brukarar
- Sommerro fellesbustad med tenester overfor 7 brukarar
- Leitet fellesbustad med 8 brukarar
- Nistutrøa med 2 brukarar



- Røssmovegen 34 fellesbustad med 2 brukarar
- Røssmovegen 28 med 3 brukarar + avlasting for 3 brukarar
- Sommerrotunet aktivitetshus med dagtilbod til 19 faste på dagsid. Totalt 30 - 40 brukarar med aktivitetar på dag, kveld og helg.

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2017

- Få ferdig verdidokument, med mål, visjonar og verdiar
- Arbeide med arbeidsmiljøtiltak, som kan gje trivsel og mindre sjukefråvær.
- Kompetanseutvikling, med div tiltak som vidareutdanning, fagfora, internundervisning
- Utprøving av alternativ turnus med langturnus på helg og ein utprøving både kvardag og helg, med mål om fleire heiltidstilsette og mindre bruk av deltidsstillingar
- Arbeide vidare med å utvikle løysingar som kan gje varige endringar i måten å samarbeide på og nytte kompetansen i nattenestene på tvers av einingane i helse- og omsorg
- Utbygging av fellesareal ved ein av bustadane, der gevinsten vil vere innsparing med ca. 1 årsverk
- Det blir arbeidd med å redusere drifta med fleire årsverk

Vurdering

Prosessens med å ferdigstille verdidokumentet førte til bevisstgjering og etiske refleksjonar over arbeidet i eininga. Ulike kartleggingar og tiltak når det gjeld arbeidsmiljø har vore gjennomført i løpet av året. Sjukefråveret har gått ned sidan året før og ligg stabilt på omlag 7,7 %. Utprøving av ulike turnusmodellar har ikkje kome i gang, men det er eit mål om å prøve ut langvakter i enkelte bustader der det kan vere ei god ordning for tenestemottakarane. Ferdigstilling av fellesareal og personalbase med tilhørande garderobe i ein av bustadane og dermed nedgang i bemanningsressurs på om lag 1 årsverk i starten av 2018. Eit HMS avvik blir lukka etter utbygging av garderobe.

Ny personalbase er ferdigstilt i ein annan bustad. Utbygging av grovverkstad/garasje ved Sommerrotunet aktivitetshus (investeringsbudsjett), vart utsett til våren 2018.

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- Ferdigstille bygging av nytt fellesareal i ein bustad for betre ressursutnytting og kvalitet for brukargruppa. Reduksjon med ca. 1 årsverk.



- Bygging av garasje/grovverkstad ved Sommerrotunet aktivitetshus for å ha fleire muligheter for aktivitet, (investeringsbudsjett).
- Satsing på fagutvikling og internundervisning for alle tilsette. Omgjering av assistentstillingar til stillingar for personell med helse- og omsorgsfagleg høgskuleutdanning og rekruttering av rett kompetanse for å oppfylle kompetansekrav i lov om kommunale helse- og omsorgstjenester kap. 9.
- Vidareutdanning innafor velferdsteknologi, psykisk helsevern og rusarbeid for å auka kompetansen i eininga og kvaliteten på tenestene.
- Utvide aktivitetstilbodet for å gi eit tilbod til fleire brukarar, som ikkje lenger kan nytte tilbodet dei har ved Trollheim AS.
- Vidareutvikle løysingar som kan gje varige endringar i måten å samarbeide på og nytte kompetansen på tvers av einingane i helse- og omsorg. Nyheiter innanfor tilgjengelig velferdsteknologi må utredas med tanke på bruk, gjeldande lovverk, retningslinjer samt brukarmedverknad for å kunne gi tenestemottakarane større handlingsrom og tilsette betre oversikt.
- Arbeide med arbeidsmiljøtiltak, som kan gje trivsel og lågare sjukefråvær.
- Utprøving av alternativ turnus, med langturnus på helg og ein utprøving både kvardag og helg, med mål om fleire heiltidstilsette og mindre bruk av deltidsstillingar.
- Innføring av velferdsteknologi etter utredninga i 2018.
- Regelmessig internundervisning for tilsette. Arbeide for at alle tilsette har eit minimum av formalkompetanse i form av fagbrev innafor helse- og omsorg på videregående nivå.
- Arbeide med å halde sjukefråværet lågast mogleg.
- Evaluere og eventuelt vidareføre alternativ turnus. Fleire heiltidstilsette og mindre ufrivillig deltid gjennom bruk av eksempelvis langturnus. Sjå på mulighet for bruk av årsturnus.
- Vidareutvikle miljøtiltak og eventuelt utvide arbeidet innafor førebyggande psykisk helsearbeid. Det er behov for ei avklaring av kva for eining ansvaret for brukargruppa skal ligge.

Vurdering

Nokre av tiltaka ovanfor er innanfor eget budsjett. Utviding av tilbod ved aktivitetshuset er ikkje tatt med i budsjetttramma. Utbygging av grovverkstad/garasje belastas kommunens investeringsbudsjett. Ein ser at tenestebehovet fort kan endre seg og det kan i periodar vere behov for auka bemanning. Reduksjon i tenestebehovet kan og skje og ein må då flytte personell til andre arbeidsplassar i eininga, slik at ein får utnytta ressursane på best mogleg måte. Fleire tilsette er i gong med høgskuleutdanning innafor vernepleie og sjukepleie, og det er tilsette i eininga som tek vidareutdanning på høgskulenivå, samt fleire som tek



utdanning i helse- og sosialfag i vidaregåande skule. Dette er svært positivt og ein ser fram til at ein på sikt får ein moglegheit til å dekke store delar av kompetansebehovet i eininga.



Utfordringar

- Eininga skal arbeide med å få god kontroll og oversikt over økonomien i tenesta. Gjennom oppretting av tenestenummer per bustad vil ein få ei betre oversikt enn tidlegare.
- Ved Sommerrotunet aktivitetshus avd. psykisk helse, er det behov for å kunne etablere eit tilbod. Pr i dag er det ikkje mogleg å ta imot fleire brukarar utan auke i bemanninga. Eit dagtilbod med personale til stades kan bidra til at fleire personar med psykiske utfordringar får ei positiv helsefremmande utvikling. Det er behov for ei avklaring kor dette tenestetilboden skal organiserast.
- Vi har fleire brukarar som fram til no hatt eit tilbod ved Trollheim AS, men som står i fare for å miste dette tilboden av ulike årsakar. Behovet for aktivitet og eit innhald i kvarldagen er fortsatt til stades. Bemanninga ved aktivitetshuset må først aukast for å kunne gje eit tilstrekkeleg tilbod.
- Sjukefråværet har gått jamt ned og endte på ca. 7,7 % i 2017. Det er fleire som er ute i langtidssjukefråvær. Korttidsfråværet er likevel for høgt og det vil bli arbeidd med å få redusert fråværet.



- I statsbudsjettet for 2018 er det kome ei endring i kommunenes refusjon av direkte lønnsutgifter for bistand overfor særskilt ressurskrevjande brukarar. Innslagspunktet er auka frå 1.157.000 til 1.235.000 og fråtrekk for rammetilskotets del for kriteriet psykisk utviklingshemma over 16 år er auka frå 620.000 til 655.000.
- Det er for få tilsette i eininga med helse- og omsorgsfaglig høgskuleutdanning for å kunne oppfylle krava i Helse- og omsorgstenelova kap. 9. Etter tilsyn frå Fylkesmannen sommaren 2017, har kommunen fått pålegg om å auke kompetansen gjennom rekruttering av fleire med helse- og sosialfagleg høgskuleutdanning i bustader der brukarar har vedtak etter HOL kap. 9.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
Bu- og aktivitetstenesta	44 765	43 660	1 105	45 977

7.4 Heimetenesta

Aktivitet

Heimetenesta har 64 tilsette, 47 årsverk.

Pr. 31.12.17:

- 210 mottakarar av heimesjukepleie
- 126 har heimehjelp (praktisk bistand)
- 4 får omsorgsløn
- 96 har tryggleiksalarm
- ingen har for tida brukarstyrt personleg assistent, BPA.
- 1 har vedtak om personleg assistent
- Dagsenter for eldre har 50 plassar pr. veke
- Vi har avtale med «Inn på tunet», som er dagtilbod for demente, med 12 plassar pr. veke
- 20 har vedtak om rehabilitering i heimen

Handlingsprogram

Utviklinga går mot at stadig meir helsetenester skal utførast i pasienten sin heim, eller nærmest mogleg heimen. Det er også eit overordna nasjonalt helsemål at folk skal få bu heime så lenge dei ønskjer det, trass sviktande helse. I Surnadal kommune har

Helhetlige pasientforløp ble vinneroppskriften for Surnadal

For å lykkes med å utvikle helhetlige, koordinerte og trygge tjenester trengs rutiner og oppfølging som gjør at brukerne får den hjelpen de skal ha. Prosjekt Helhetlig pasientforløp i hjemmet (HPH) gjorde Surnadal kommune best i klassen.



Forbedringsteamet som er med i Gode pasientforløp består av Margrethe Svinvik, Ingrid Kvendset Hagen, Elin Betten, Jorund Talgø og Heidiun Solstad. Foto: Kristin Tveitnes



heimetenestene vore langt framme i dette arbeidet gjennom metoden HPH (Helhetlig Pasientforløp i Hjemmet).

Vi er med i nettverket «Gode pasientforløp» der målet er at alle kommunar skal innføre metoden HPH. Vi er med både for å utvikle oss og for å bidra med kunnskap og erfaringar. Bildet viser til ein artikkel som er publisert i «Kommunespeilet».

Dette vil vi oppnå i 2017

- Etablere ein felles kultur i eininga, med framtidsretta og gode tenester der rett kompetanse blir nytta på rett stad i pasientforløpet
- Kvardagsrehabilitering skal vere eit satsingsområde og innførast som eit fast tilbod
- Analoge tryggleiksalarmer skal bytast til digitale tryggleikspakker.
- Vi vil betre pasientforløpet kring alvorleg sjuke og døande gjennom prosjektet «Samhandling på siste vakt»
- Synleggjere for innbyggjarane at vi har tilsett kreftsjukepleiar som er kreftkoordinator for alle innbyggjarar, sjølv om dei ikkje mottek andre tenester frå kommunen.
- Å få demenskoordinator tidlegare inn i pasientforløpet. Helst ved diagnosefastsetting.
- Avklaring av roller og ansvar når det gjeld tilbodet innanfor psykisk helse
- Auka brukarmedverknad som følgje av deltaking i «SUSTAIN-prosjektet»

Vurdering

Vi har i stor grad nådd desse måla, eller så er vi på rett veg. Digitalisering av tryggleksalarmer er gjennomført, noko som gjer det mogleg å bruke mykje meir velferdsteknologi i heimane ved at det kan koplast opp mot same signalmottak.

Vi avslutta prosjektet «Samhandling på siste vakt» ved årsskiftet og det har no gått over i ordinær drift. Arbeidet med pasientforløp og dette prosjektet gav oss Omsorgsprisen i Møre og Romsdal, og seinare vart vi som ein av tre kommunar nominert til KS sin Etikkpris.



Utdeling av Etikkprisen, Oslo

Frå v.: Elin Betten, Ingunn Mikkelsen, Ann Mari Gravvold, Kirsti Hjørnevik, Bent Høie, Gunhild Eidsli, Ingeborg Nordlund, Annett Ranes, Margrethe Svinvik

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- Førebyggjande heimebesøk skal vere etablert som eit fast tilbod
- Tilby oppfølging av pasientar med diabetes i samarbeid med Surnadal legesenter
- Tilby blodoverføring i samarbeid med Surnadal legesenter
- Digitale tilsyn skal vere eit fast tilbod som ein del av ny tryggheitsteknologi.

Vurdering

Tiltaka er med i økonomiplana framover. Tiltak som avheng av samarbeid med legesenteret er utfordrande å få til både grunna mangel på fastlegar, utskifting av fastlegar og at ein må etablere samarbeid med kvar enkelt fastlege. Slik blir desse måla meir eit ønskje om forbetring og utvikling.

Det har vore gjort mykje forsking på effekten av førebyggjande heimebesøk og korleis denne tenesta bør gjennomførast. Resultata er ikkje eintydige og difor har vi har vore litt avventande med å sette i gang. Vi har derimot styrka kartlegginga og vurderingane kring førstegongsøkjarar på heimetenester som t.d. tryggleiksalarm, matombringning, osb.

Utfordringar

Saksa frå økonomiplana i for 2017: «Hausten 2016 vart organiseringa av tenestetilbodet i Surnadal kommune lagt fram for politisk behandling, der valet sto mellom å satse på meir institusjonsbasert rehabilitering, eller å avvikle rehabilitering som eit døgntilbod. Utfordringane i 2017 blir da anten å



finne nok ressursar til ei auka satsing på institusjonsplassar, eller å lykkast med rehabilitering i heimetenesta for så å redusere behovet for institusjonsplassar.»

Vi har gjort om på leiarstrukturen og redusert talet på leiarar. Vi har redusert talet på årsverk og vi har tilsett fysioterapeut i heimesjukepleia, ei nyopprettet stilling med oppstart januar 2017. Erfaringane frå 2017 er at vi ha lykkast med rehabilitering i Heimetenesta ved at fleire får tilbod om rehabilitering og at det tverrfaglege samarbeidet har vorte styrka.

Dagtilbodet for eldre vart utvida frå 30 til 50 plassar i 2017 ved hjelp av omfordeling av personellressursar og nedlegging av rehabiliteringsplassar. Mange ønskjer plass, og dette er eit tilbod som utsett institusjonsopphald. Vi har personellressursar til å utvide tilboden, men lokaletilhøva gjer at vi ikkje kan ha fleire pr. dag.



Dagsenter for eldre. Foto: Kristin Tveitnes, KS

I fjor beskrev vi utfordringane vi har med at lokaletilhøva våre er ikkje dimensjonert for ein så stor arbeidsstokk. Dette har vore ein årleg gjengangar i HMS-rapportar, og er eit problem som har forsterka seg etter omorganiseringane siste åra. Dette har ikkje betra seg i 2017. Utsikt til betring ser det ikkje ut til at det blir med styrking av heimetenestene som følgje av nedlegging av sjukeheimspllassar og etablering av eventuelle nye tilbod i eininga.

Økonomiske rammer



	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
Heimetenesta	31 009	32 218	-1 209	32 594

7.5 NAV

Mål

- Bidra til at fleire kjem i arbeid og aktivitet og at færre vert avhengig av økonomisk sosialhjelp over lengre tid – redusere arbeidsledigheten til under 1.5 %
- Redusere andel sosialhjelppsmottakere ift til innbyggjarar i alderen 20-66 år.
- Sikre kvalitativ god oppfølging av flyktingar\innvandrarar.

Tiltak

- Alle kandidatar i målgruppa til kvalifiseringsprogrammet skal få tilbod om deltaking.
- Samordne tenester for personar med samansette behov, gi dei ein fast kontaktperson ved NAV
- Tilby aktuelle brukarar individuell plan.
- Tilby økonomisk rådgiving\gjeldsrådgiving\økonomistyringsavtalar til dei som treng og ynskjer det.
- Styrke den arbeidsretta brukaroppfølginga
- Stryke ferdighetene i rettleiing og samhandling med brukarane.

Vurdering

Brukarar har fast kontaktperson ut frå fødselsdato, uavhengig av behovet for tenester og det blir ikkje skilt mellom kommunale eller statlige arbeidsoppgåver –alle er tilsett på NAV uavhengig av om dei er statlig eller kommunalt tilsett. Det har gjennom heile året vore fokus på gode brukarmøte og god rettleiing med mål om arbeid og aktivitet, og vi har fått godt samarbeid med enkelte arbeidsgivarar for å få til gode løysingar for den enkelte brukar gjennom dei tiltaka NAV har muligkeit til å bruke. Alle som var i målgruppa for kvalifiseringsprogrammet fekk tilbod om programmet. Dei som har vore kartlagt å ha behov



for gjeldsrådgiving, økonomisk råd og rettleiing og økonomistyringsavtalar har fått dette. Alle som har søkt om individuell plan har fått dette i samarbeid med aktuelle etatar. God oppfølging av flyktingar og innvandralar gjennom kvalifisering og jobb gjennom heile året. Arbeidsledigheta var i gjennomsnitt på 1,8 % i 2017.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
NAV	4 995	5 783	-788	5 503

7.6 IK Barnevern

Aktivitet

Surnadal er vertskommune for den interkommunale barnevernstenesta i Halsa, Rindal og Surnadal. Totalt omfattar tenesta 10,6 årsverk fordelt på einingsleiar, 0,7 merkantil, 1,5 heimekonsulentar og 7,4 fagstillingar.

Hovudoppgåva til eininga er å sikra at barn og unge som lever under tilhøve som kan skade helsa og utviklinga deira, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernstenesta skal på same måte som andre kommunale tenester bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2017

- Fortsatt styrke tidleg innsats, og redusere plasseringar utanfor heimen.
- Kartlegge behovet for etableringar av nye tiltak.
- Styrke det tverrfaglege samarbeidde i alle tre kommunar.
- Informere andre einingar om barnevernet sitt arbeid
- Halde sykefråværet på eit lågare nivå.



Vurdering

Kontinuerlig arbeid med tidlig innsats og førebyggande arbeid, og da først og fremst med rettleiing ved hjelp av ICDP-programmet (Foreldrerettleiing). Rettleiingsteamet har base i Surnadal, og er tverrfagleg samansett. Teama rettleier både foreldregrupper og tilsettegrupper. IK Barnevern har fem sertifiserte rettleiarar.

Arbeid med å kartleggja behovet for å etablera nye tiltak er i gang, og vil utførast i samarbeid med fylkesmannen og dei andre kommunane i Møre og Romsdal.

Det har vore ein hektisk år med auka sakmengd og auka mengd tiltak og hjelpetiltak. Vi ser òg ein auke i mengd alvorlege saker.

Høgt sjukefråvær er enno ei utfordring i eininga, der ein del av dette er arbeidsrelatert.

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- Sjå gevinsten av tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og informasjonsarbeidet.
- Evaluere vaktordninga med Trondheim kommune.
- Auka effektivitet i form av fleire digitale løysingar i fagsystemet, blant anna med digitalt arkiv og Svar ut.
- Førebu oss på nye oppgåver til kommunen frå 2020, dette gjeld først og fremst fosterheimarbeid/ansvar.

Vurdering

Det har ikkje vore plass for å ta høgd for alle tiltaka i budsjettet.

Utfordringar

Det er ein tendens at vi får fleire og meir alvorlege saker som kan vera svært kostnadskrevjande. Dette i form av kostbare tiltak, og i tillegg at sakene er ressurskrevjande for eininga.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
IK Barnevern	10 732	10 161	571	8 958



Rådmannen si vurdering:

Det er gjennomført mykje godt arbeid innan Helse og omsorg i 2017. Tenestene må stadig tilpasse seg nye føringar sentralt i frå, nye avtalar med helseforetaka, velferdsteknologiske løysingar og endringar i brukargruppene m.v. Dette blir tatt tak i på ein god og løysingsorientert måte ute i einingane. Det har vore arbeidd mykje med å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene innan alle einingar. Dette arbeidet må prioriterast og i 2018.

Året 2017 vart litt spesielt då det vart ein del endringar i einingsleiargruppa. Vi tilsette ny einingsleiar i Bu og aktivitet, og konstituerte einingsleiarar både ved Sjukeheimen og Helse og familie.

Tilpassingsdyktige medarbeidarar og vilje til å yte ekstra når det trengs, bidro til at drifta gjekk vidare som vanleg og ein kunne yte gode tenester. Noko utviklingsarbeid har gått seinare enn planlagt eller har vorte sett på vent, dette må vi ta tak i no framover i 2018.



8 Teknisk

8.1 Kommunalteknikk

Aktivitet

Vassverk

Vedlikehald og drift av:

13 kommunale vassverk.

227.700 meter med vassleidningar.

15 stasjonar for trykkauke.

Avløp

Vedlikehald og drift av:

Eitt mekanisk reinseanlegg (silanlegg) på Syltøran.

167.000 meter med avløpsleidningar.

15 store kommunale slamavskiljarar

25 avløpspumpestasjonar

Slam

Privat entreprenør tek seg av tömming av:

1219 private slamavskiljarar for heilårsbustader.

342 private slamavskiljarar for fritidshus/hytter.

Kommunale vegar og parkar

Vedlikehald og drift av:

94 km med kommunal veg, av dette 57 km med fast dekke.

15 km med gang- og sykkelvegar/fortau.

Parkanlegg på Skei samt miljøgata.

842 lyspunkt/gatelys.

Renovasjon

Frå 01.07.2010 har Hamos Forvaltning IKS teke seg av all organisering av renovasjon for:

Alle heilårsbustader i kommunen.

1360 ab. med hytte/fritidshus.

7 returpunkt for glas/metallemballasje.

1 miljøstasjon (Syltøran).

Hamna

Industrikaia i Røtet (drifta av Kristiansund og Nordmøre Hamn IKS, Surnadal

Kommunen har daglig tilsyn og assisterer ved behov).

Brann- og Feiarvesen

Brannvesenet har tre brannkorps med til saman 32 brannmenn (deltidsmannskap).

Brannvernet organiserer også feiring, førebyggande tiltak og tilsyn.

Samarbeid med Rindal kommune om bl.a. felles brannsjef og med Halsa kommune om varabrannsjef-stilling.



Forutan vedlikehald og drift er eininga ansvarleg for ei rekke investeringsprosjekt innan dei same tenestene, samt utbygging av nye bustadfelt.

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2017

- Utbygging av nytt bustad/hytte -felt på Nordvik , kor kommunen er delaktig.
- Ny vassforsyning til Øvre Sæter frå grunnvassbrønn ved Mo skule.
- Avklare ny vassforsyning til Kvanne og Stangvik samt bygge høgdebasseng i Stangvik.
- Forsterke og legge fastdekke på om lag 5 km kommunal veg.

Vurdering

Arbeidet med utbygging av nytt bustad/hytte-felt på Norvik er starta. Frist for ferdigstilling av bustadfeltet er sett til 1. mai 2018, og frist for ferdigstilling av busslommene er sett til 1. august. Det kan bli noko forseinking i samband med funn av gravrøyser.

Ny vassforsyning til Øvre Sæter vart ferdigstilt våren 2017.

Gjennom forprosjekt/skisseprosjekt har vi teke avgjerd på kva type behandlingsanlegg vi vil bygge i Stangvik (Prestelva). Vi håper på byggestart i løpet av 2018.

I 2017 vart deler av Bøkleppvegen forsterka og asfaltert. Alle kommunale vegar på Søysetlandet på Kvanne vart forsterka og asfaltert samt at ein god del av Slettavegen vart forsterka.

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- Ferdigstille utbygging av ny vassforsyning til Kvanne og Stangvik.
- Fortsette utskifting av asbest-sementrør.
- Gjennomføre vedtekne investeringsprosjekt innafor ansvarsområda 420 og 430.

Vurdering

Å foreta ei endeleg avgjer når det gjeld vassforsyning til Kvanne og Stangvik har dessverre teke lang tid. Ein har no, etter grundige vurderingar, valt løysing kor ein i første fase vil bygge nytt behandlingsanlegg i Stangvik samt eit større høgdebasseng. Det er teke med investeringsmidlar både i 2018, 2019 og 2020.

Utskifting av asbestementrør og/eller evt. forsterke andre svake rørstrekningar er eit årleg tiltak som er med i budsjettet.

Kommunalteknikk har i perioden mange investeringsprosjekt. Sett i forhold til bemanning ved eininga, både til planlegging og utføring, må ein seinare vurdere mengda av tiltak.

Utfordringar

Utfordringane som er nemnt i budsjettet er stort sett dei same som tidlegare:

Mange investeringsprosjekt og liten eigen planleggingskapasitet.

Mange vassverk er modne for rehabilitering. Dette har endra seg noko i 2017, men med 13 vassverk å drifta er det mykje som står att å gjere.



Drift av dei kommunale vassverka er ei stor utfordring. Nye og strengare krav frå sentrale myndigheter gjer dette til ei stadig større utfordring.

Som tidlegare kommunisert i mange samanhengar er vegvedlikehaldet ei STOR utfording, med stadig fleire vegar samstundes som driftsbudsjettet har blitt redusert.

Innanfor eige driftsbudsjett finn ein ikkje rom for opplæring/utdanning av deltidsmannskap i brannvesenet. Dette gjeld i første rekke gjennomføring av grunnkurs.

Økonomiske rammer (1000 kr)

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
Kommunalteknikk	10.310	10.706	396	10.277
Kommunalteknikk VARF	- 2.739	- 2.471	268	- 2.010

8.2 Areal og naturforvaltning

Aktivitet

Areal- og naturforvaltning sitt ansvarsområde:

- Behandlar byggesaker, delingssaker, plansaker, og dispensasjon etter plan- og bygningslova.
- Gjennomføre tilsyn
- Ajourføring av matrikkel og kart
- Behandle saker om motorferdsel i utmark
- Utsleppsløyver
- Vassdrags og miljøforvaltning.
- Oppfølging, forvaltning og drift av tilskottsordningar i landbruket.
- Rådgjeving og oppfølging av landbruksaktørar innan skog- og landbruk.
- Skog- og skogreising – Forvaltning av tilskott til skogsbilvegar og skogkultivering
- Viltnemnd – oppfølging og drift av viltnemnda sitt arbeide
- Viltfond – forvaltning av viltfondet

Handlingsprogram

Dette har vi oppnådd i 2017

- Vidare deltaking i LENSA-prosjektet (2017 og 2018) for auka aktivitet i skogbruket.
 - Delteke i prosjektet
- Gjennomføring av forhåndskonferansar i alle utbyggingssaker



- Gjennomfører forhåndskonferansar i alle saker med driftsbygningars i landbruket og i ordinære byggesaker der det er behov.
- Gjennomføre byggesakstilsyn
 - Har gjennomført tilsyn i 2017.
- Ansette konsulent landbruk
 - Elin Moen er ansatt.
- Gjennomføre nykartlegging av frå Skei og austover i tråd med geodataplan for Møre og Romsdal
 - Kartlegging er gjennomført. Forventa leveranse vår 2018.
- Starte arbeidet med kommunal geodataplan
 - Ikkje oppstarta i 2017, planlagt oppstart mai 2018.
- Utarbeide forvatningsplan for gås
 - Arbeidet er starta opp, forventa ferdig i løpet av 2018.
- Vedta reguleringsplan for Skei
 - Ikkje gjennomført
- Vedta kommuneplanen sin arealdel
 - Vedtatt november 2017
- Sette i gang reguleringsplan for Øyagardslia / Högberget boligfelt
 - Det er arbeidd med planskisse og kostnadsoverslag for området, samt dialog med grunneigarar om intensjonsavtale for evt kjøp. Arbeidet fortsett våren 2018.
- Vedta reguleringsplan for Högmoen bustadfelt
 - Ikkje vedtatt ny reguleringsplan. Kommuneplanen er godkjent og arbeidet med reguleringsplan kan starte i 2018.
- Rullere klima- og energiplanen
 - Planprosessen er påstarta, men ikkje vedtatt.
- Rullere trafikksikringsplanen
 - Ikkje gjennomført
- Følge opp skisseprosjektet for Svartvatnet friområde med detaljplaner og opparbeiding
 - Skisseprosjektet er vidareført med detaljplaner for deler av området. Det blir rydda skog i løpet av vinteren, og grunnundersøkingar blir gjennomført februar 2018. Dette vil gi grunnlag for vidare detaljprosjektering
- Betre markedsføring av ledige boligtomter
 - Kommunens nye nettsider skal betre vise ledige tomter i kommunen. Arbeidet er planlagt sluttført i løpet av mars 2018.

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- Levere tenester med rett kvalitet



- Bidra til å vidareutvikle dagens faglege nettverk med omkringliggende kommunar
- Følge opp igangsatte prosjekt som til dømes Svartvatnet friområde

Vurdering

Vidareutvikling av Svartvatnet friområde er teke inn i investeringsbudsjettet for 2018-2021 (Kommunalteknikk)

Utfordringar

Eininga er sårbar med tanke på å behalde den gode kompetansen som finnes. Det er lite overlapping innan fagfelta, slik at ein er avhengig av kvar enkelt medarbeidar for å levere tenester av rett kvalitet.

Økonomiske rammer (1000 kr)

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
Areal og naturforvaltning	6 072	6 215	-143	6 429

8.3 Eigedom

Aktivitet

Eigedom sitt ansvarsområde er i hovudsak drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar, men avdelinga er også tillagt andre oppgåver, og her er nokre faktatal.

- Ca. 50.000 kvm golvareal
- 40 stk utleigebustader
- 13 stk bustader for personar med spesielle behov
- 44 stk omsorgs/pensjonærbusstader
- P.t. 35 flyktningebustader
- Drift av symjehall og idrettshall

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2017

Skolering av reinhaldarar for å imøtekoma krav til smittevern



- Få gjennomført energisparekontrakta, og med det få spare energi samt at driftspersonellet vert skolerte til betre styring av tekniske anlegg
- Fokus på å redusera sjukefråværet

Vurdering

- Krav til smittevern er tema ved alle samlingar, blei derre ikkje noko skolering ut over det.
- Energisparekontrakten blei sluttført i juli 2017. Vi fekk med den fornaya og utbetra mange tekniske anlegg samt nye SD-styringssystemer for alle bygg som er omfatta av kontrakten. Elles har driftspersonellet fått ytterlegare skolering i drift av anlegga, så det saman med betre tekniske anlegg gjær at vi får meir optimalisert energibruk.
- Reduksjon i sjukefråværet er eit prioritert område, men vi har nokre arbeidstakrar som etter kvart slit med helsa, og derfor har ein del langtidsfråvær.

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- Få på plass elektronisk FDV-system/vedlikehaldsplan som ivaretak lovpålagt dokumentasjon
- Meir målretta styring for betre å utnytta ressursane

Vurdering

- Å få på plass eit elektronisk FDV-system er ressurskrevjande, men vi vil ha stor nytte av det når det er på plass. Vi vil få betre oversikt over tilstand på bygga våre, bli minna på og få dokumentert rutineoppdrag og ikkje minst få dokumentert lovpålagte gjæremål m.m.
- Meir målretta styring vil vi og få med eit elektronisk FDV-system, vi kan nytta det til å planleggja på ein betre måte.

Ein annan fordel er at alle får same informasjon, og når alle bygg vert lagt til etter same mal, vil driftspersonellet lettare kunne avlasta kvarandre.

Utfordringar

- Ressursar/midlar til vedlikehald av kommunale bygg
Pr. i dag er det så godt som ingen midlar, så alt som blir gjort av naudsynt vedlikehald førar til overforbruk.



- Bustader og ressursar i bustadarbeidet med flyktningar

Dette er ressurskrevjande, det eine er å til ein kvar tid ha tilgjengelege eigna bustader mht. tilflytting og familiegjenforeining, men det andre er oppfølging i bustadane, kor vi stadig er på «hælane». Mange som kommer «kan ikkje å bu» og treng hjelp til den minste ting og det saman med «feilbruk» utløyser mange oppdrag. Dette meiner vi har vore undervurdert i ressurstildelinga for integreringsarbeidet.

Som ein ser av rekneskapen for 2017 har vi og utfordringar med den økonomiske drifta i eininga.

Overskridinga kan i grove trekk forklarast slik:

- Nokre investeringsprosjekt blei ikkje godkjent som investering, men ført som vedlikehald, og derfor belasta driftsbudsjettet.
- Utbygginga av ny avdeling i Midtigrenda blei noko større enn budsjettet.
- Innreiing av 4 stk flyktningebustader med kvitevarer, møblar m.m.

Ellest ser vi at ramma etter kvart er for låg, det er ikkje justert for større areal, så det kostar rett og slett meir å drifta dei areala vi har enn det ramma tilseier.

Kostnadsauken på innkjøpte tenester har og vore stor dei siste åra, og vi ser at vi i forhold til budsjett ryker på fleire poster, slik som avgifter/gebyrer, serviceavtalar og anna driftsmateriell.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2016
Eigedom	21 884	19 866	2 017	20 701

Rådmannen si vurdering

Det er stor aktivitet og mange prosjekt på gang på det tekniske området. Det er ikkje alltid like lett å få ressursane til å strekke til. Stillingane innafor teknisk sektor er godt besatt med høg fagleg kompetanse, men arbeidsmengda er til tider såpass stor at vi gjerne skulle hatt



enda fleire ressursar å spele på. Stor tilgang på søknader om både små og stor byggeprosjekt viser at aktivitetsnivået er høgt i kommunen, og det er noko vi må sette stor pris på.

Arbeidet med å få på plass nye brøytekontraktar viste at dette ikkje blir lettare med åra, og at vi no må forventa merkbar stiging i utgiftene som vil bli brukta til vintervedlikehald. Dette skuldast mykje eit samfunn i endring, som strukturendringar i landbruket og samfunnet elles og generelt høgare lønnsnivå.

Det har vore arbeid godt med å få på plass nye bustadfelt i kommunen, og eit nyttig reiskap i den samanheng er kommuneplanen sin arealdel. Den oppdaterte arealdelen vil bli ein viktig styringsreiskap i åra framover.

Vi har ein stor kommunal bygningsmasse, og samanlikna med andre kommunar brukar vi lite på å drifte desse bygga. Eininga skulle gjerne brukta meir på vedlikehald, da vi over tid får eit etterslep. Sjølv med eit vedlikehald som ligg mykje under kva vi meiner er tilrådeleg, får vi eit ganske stort overforbruk. Som vist til skuldast dette også andre faktorar som investeringsprosjekt ført som vedlikehald og utbyggingsprosjekt større enn budsjetter. Det er også godt håp om at energisparekontrakten som blei sluttført i juli 2017 vil gi reduserte energikostnader.



9 Investeringsar

Nr	Prosjekt	Rekneskap 2017	Reg. budsjett 2017	Oppr.budsjett 2017
Ansvar:	100 RÅDMANN			
117	IKT – Orkidé	371 738	372 000	372 000
156	IKT – UTVIDA TRÅDLAUST NETT	254 983	300 000	300 000
161	IKT LØP Surnadal	124 781	200 000	200 000
166	IKT – FELLES GERICA	143 641	100 000	100 000
167	IKT –LOKALT DIGITALISERINGSPROSJEKT	203 125	500 000	500 000
	Sum ansvar: 100 Rådmann	1 098 268	1 472 000	1 472 000
Ansvar:	130 KULTUR			
000	UTAN PROSJEKT	121 015	100 000	100 000
	Sum ansvar: 130 Kultur	121 015	100 000	100 000
Ansvar:	330 SJUKEHEIMEN			
100	BILKJØP	0	250 000	0
	Sum ansvar: 330 Sjukeheimen	0	250 000	0
Ansvar:	350 HEIMETENESTA			
100	BILKJØP	662 260	500 000	500 000
331	DIGITALE TRYGGHETSALAMER	222 197	800 000	800 000
	Sum ansvar: 350 Heimetnesta	884 457	1 300 000	1 300 000
Ansvar:	420 KOMMUNALTEKNIKK			
100	BILKJØP	25 722	0	0
247	VEG/P.PLASS VED ØYE BARNEHAGE	478 653	400 000	400 000
409	OPPRUSTING KOMMUNALE VEGAR	6 907 047	6 800 000	6 800 000
434	HØGBERGET BYGGEFELT	0	600 000	600 000
435	SVARTVATNET BYGGEFELT	58 214	0	0
437	SVARTVATNET FRI OMR / GANGVEG	1 645 803	1 900 000	1 900 000
438	SVARTVATNET FRI OMR/AMFIOMR	0	1 500 000	1 500 000
443	BYGGEFELT HØGMOEN	36 020	0	0
447	SKILTING - VEGADRESSERING	0	0	500 000
482	RØTET INDUSTRITOMTER	1 854 000	2 500 000	500 000
492	GATELYS LED	142 846	150 000	150 000
494	NORDVIK BYGGEFELT	2 234 889	3 500 000	3 500 000
	Sum ansvar: 420 Kommunalteknikk	13 383 195	17 350 000	17 150 000
Ansvar :	430 KOMMUNALTEKNIKK – VAR			
000	BILKJØP	0	0	250 000
451	FAUSKÅA VASSVERK	762 310	700 000	700 000
452	SÆTERBØ VASSVERK	0	0	350 000
457	DRIFTOVERVÅKING – VASSVERK	405 125	400 000	400 000
458	MO SKOLE - VASSVERK	1 305 096	1 150 000	200 000
466	ØVRE SÆTER VASSVERK	0	0	400 000
467	KVANNE OG STANGVIK VASSVERK	92 447	300 000	3 500 000
480	PUMPESTASJONAR AVLØPSNETT	714 071	650 000	250 000
	Sum ansvar: 430	3 279 049	3 200 000	6 050 000
Ansvar:	440 AREAL OG NATURFORVALTNING			
405	DIGITALE KART	185 000	185 000	185 000
	Sum ansvar: 440	185 000	185 000	185 000



Ansvar:	460 EIGEDOM			
000	KJØP AV BUSTAD	890 000	1 500 000	0
100	BILKJØP	475 800	475 000	600 000
119	KOMMUNEHUSET – SOKKEL	0	400 000	400 000
152	ENØK - ENERGISPAREKONTRAKT	7 175 157	3 500 000	3 500 000
162	KLEIVA – FUNDAMENT UTESCENE	0	100 000	100 000
163	KULTURHUSET –INNKJØP NYE MØBLAR	0	300 000	300 000
168	PUBLIKUMSTOALETT KOMM.HUSET	0	0	200 000
243	NYE ØYE SKULE/FORPROSJEKT	2 249 643	1 500 000	1 500 000
322	HELSEHUS	198 597	200 000	200 000
323	FELLESAREAL NISTUTRØA	815 661	750 000	750 000
324	FELLESAREAL SOMMERO	963 612	1 063 000	750 000
325	GARASJE DAGSENTER	0	0	800 000
328	STANGVIKBUSTADPROSJEKT	99 812	100 000	500 000
329	PLATTING/ UTEOMRÅDE SJUKEHEIMEN	0	222 000	0
330	POSTKJØKKEN SJUKEHEIMEN	0	0	400 000
332	4-MANNSBUSTAD PSYKISK HELSE	0	0	3 250 000
427	VENTILASJONSANLEGG KOMM.HUS	989 937	1 000 000	1 000 000
495	PARKTRAKTOR	201 000	200 000	200 000
Sum ansvar: 460 EIGEDOM		14 059 219	11 310 000	14 450 000
Sum investeringar		33 010 203	35 167 000	40 707 000